

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

## Innkalling til møte i Kontrollutval - Flora kommune

Utval: Kontrollutval - Flora kommune  
Møtedato: 25.10.2012  
Møtetid: 09:30  
Stad: Møterom: Flora Ungdomsskule  
Møtenr.: 7/2012  
Innkalling: Faste medlemmer i utvalet. Rådmannen (sakene 68, 69, 71, og 72/12). Revisor (sak 71/12).

Melding til: Ordførar(møterett), revisor (møterett) og varamedlemer (Varamedlemer møter etter nærmare innkalling).


Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 976 15 363 eller på e-postadresse: [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no).

### SAKLISTE

- 67/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.
- 68/12 Orientering Flora ungdomsskule.
- 69/12 Planar og tiltak mot mobbing i Floraskulane.
- 70/12 Skriv og meldingar
- 71/12 Prosjektrekneskap Eikefjord Vasshandsamingsanlegg – straumaggregat – tak.
- 72/12 Arbeidstidsbestemmelsar - Arbeidsretten sin dom av 15. mai 2008.
- 73/12 Oppfølging av bystyret sine merknader til rapport etter eigarskapskontroll i Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS.
- 74/12 Oppfølgingsliste 7-2012 Flora
- 75/12 Eventuelt

Flora, 18.10.2012.

Bjarne Holme (s)  
Leiar



Asgeir Tveit



SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	<a href="mailto:post@sekom.no">post@sekom.no</a>	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

## 067/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
Dato: 15.10.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	25.10.2012	067/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

## **068/12 ORIENTERING OM OG OMVISING VED FLORA UNGDOMSSKULE**

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

**Dato:** 15.10.2012

<b>Utval</b>	<b>Dato</b>	<b>Utv.- Saknr.</b>	<b>Status</b>	<b>Vedtaks- organ</b>
Kontrollutvalet	25.10.2012	068/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

### **Saksvedlegg**

- Brev frå kontrollutvalet til Flora kommune, datert 05.09.12.
- E-post frå kontrollutvalet til Flora kommune, datert 10.09.12.

### **Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

- Kontrollutvalsakene 032/12 og 066/12.

### **Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

- Kontrollutvalet tek informasjonen om Flora ungdomsskule til vitande.

### **KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:**

Saksutgreiing

## **ORIENTERING OM OG OMVISING VED FLORA UNGDOMSSKULE**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Kontrollutvalet får informasjon om og omvising ved Flora ungdomsskule.

### **Saksopplysningar:**

I kontrollutvalsmøte 27.03.2012 vart det teke opp sak om å arrangerer enkelte kontrollutvalsmøte ute i einingane i kommunen.

I kontrollutvalsmøte 31.08.12 sak 066/12 «Orientering Flora ungdomsskule» vart det gjort følgjande vedtak

- *Kontrollutvalsmøte den 25. oktober vil verte halde på Flora ungdomsskule. Dette for at kontrollutvalet ynskjer å gjere seg kjent ute i organisasjonen til Flora kommune.*
- *Kontrollutvalet vil be om ei omvising under møtet.*

Det er sendt brev til Flora kommune 05.09.12 og epost 10.09.12 der vi har orientert Flora kommunen om vedtaket og bede om at det vert lagt til rette for omvising og førebudd ei orientering på rundt 45 min. om tenesta ved Flora ungdomsskule der aktuelle tema til dømes kan vere skulen sine oppgåver, regelverk og retningsliner skulen skal følgje, vedtak ein må etterleve, resultat i høve til mål for skulen og særskilte utfordringar skulen står overfor internt og eksternt. Det er også bede om ei omvising ved skulen i samband med møtet.

### **Sekretariatet sine vurderingar.**

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gløppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Flora kommune  
Postboks 13  
6901 FLORØ

Førde, 05.09.2012

Dykkar ref.:                      Vår ref.: At                      Jnr.: 358/12                      Arkiv: Flora

## OMVISING OG ORIENTERING FLORA UNGDOMSSKULE - KONTROLLUTVALET

I kontrollutvalsak 066/12 «Orientering Flora ungdomsskule» 31.08.2012 gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalsmøtet den 25. oktober 2012 vil verte halde på Flora ungdomsskule. Dette for at kontrollutvalet ynskjer å gjere seg kjent ute i organisasjonen til Flora kommune.*
- *Kontrollutvalet vil be om ei omvising under møtet.*

Møtet i kontrollutvalet 25.10.2012 vil såleis bli halde på Flora ungdomsskule. Vi ber om at rådmannen skaffar møterom på ungdomsskulen for kontrollutvalet, og at det vert førebudd ei kort orientering om Flora ungdomsskule der aktuelle tema til dømes kan vere om skulen sine oppgåver, regelverk og retningsliner skulen skal følgje, vedtak ein må etterleve, resultat i høve til planar og mål for skulen og utfordringar ein står overfor internt og eksternt. Vi ber også om at det vert lagt til rette for omvising ved skulen for kontrollutvalet.

Vi ber om tilbakemelding om kva møterom vi får ved skulen.

For kontrollutvalet i Flora kommune



Asgeir Tveit

**SEKOM-sekretariat**

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gløppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

## Sekom postmottak

---

**Fra:** Sekom postmottak  
**Sendt:** 10. september 2012 12:14  
**Til:** 'Knapstad Geir'  
**Kopi:** 'terje.heggheim@flora.kommune.no'; 'Holme Bjarne (bjarne.holme@flora.frp.no)'  
**Emne:** SV: Møte Flora ungdomsskule  
**Vedlegg:** 2012.09.05 Omvising Flora ungdomsskule.pdf

Møtet startar kl. 09.30. I vedlagte brev av 05.09.2012 til Flora kommune har vi bede om ei orientering om skulen. Vi ber om at orienteringa vert avgrensa til maksimum 45 minuttar.

Med helsing

Asgeir Tveit



e-post: [asgeir.tveit@sekom.no](mailto:asgeir.tveit@sekom.no)

Heimeside: [www.sekom.no](http://www.sekom.no)

Postboks 338, 6802 FØRDE

Tlf: 57 82 22 90

Mob: 976 15 363

Twitter: @sgrvt

---

**Fra:** Knapstad Geir [<mailto:Geir.Knapstad@flora.kommune.no>]

**Sendt:** 10. september 2012 09:01

**Til:** Sekom postmottak

**Kopi:** Heggheim Terje

**Emne:** Møte Flora ungdomsskule

SEKOM v/Asgeir Tveit.

Vi har fått spørsmål om møte for kontrollutvalet her på Flora ungdomsskule 25. oktober. Kan de gje oss eit klokkeslett for dette møtet?

Mvh Geir Knapstad, rektor

# 069/12 PLANAR OG TILTAK MOT MOBBING VED SKULANE I FLORA

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 15.10.2012

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	25.10.2012	069/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

## Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til Flora kommune, datert 05.09.12.

## Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsakene 032/12 og 066/12.

## Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet tek informasjonen om tiltak mot mobbing ved skulane i Flora til vitande.

## KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

## **PLANAR OG TILTAK MOT MOBBING VED SKULANE I FLORA**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Planar og tiltak mot mobbing ved Floraskulane.

### **Saksopplysningar:**

I kontrollutvalsmøte i Flora 31.08.2012 vart det teke opp følgjande sak: «Sak 065/12 Planar og tiltak mot mobbing i Floraskulane». Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i saka:

- *Kontrollutvalet ber om å få tilsendt manifestet Flora kommune har underskrive mot mobbing i skulen.*
- *Kontrollutvalet ber opplyst om kva handlingsplanar Flora kommune har mot mobbing i skulen, og korleis kommunen ligg an med å gjennomføre tiltak i samsvar med handlingsplanane.*
- *Kontrollutvalet ber særskilt om å få informasjon om kor mange klager kring mobbing som er innlevert til Floraskulane og kva tiltak som er sette i verk i høve til desse sakene.*
- *Rådmannen vert kalla inn til neste møte i kontrollutvalet i saka.*

5.9.2012 er det skrive brev til Flora kommune der Sekom sekretariat har informert om vedtaket og vidare bede om å få tilsendt manifestet Flora kommune har underteikna mot mobbing, planar som er laga i høve til arbeidet mot mobbing, samt skriftleg opplyst kor mange klager kring mobbing som er innlevert til Floraskulane og kva tiltak som er sette i verk i høve til desse konkrete sakene.

Rådmannen er også informert om at han vert kalla inn til neste møte i kontrollutvalet, som er tidfesta til 25. oktober 2012, for å gje utfyllande informasjon kring arbeidet mot mobbing i Floraskulane.

Det er sendt påminningsbrev 12.10.2012. Det er ikkje motteke svar på brevet. Rådmannen er kalla inn til møtet i saka.

### **Sekretariatet sine vurderingar.**



# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Flora kommune  
Postboks 13  
6901 FLORØ

Førde, 05.09.2012

Dykkar ref.:

Vår ref.: At

Jnr.: 357/12

Arkiv: Flora

## PLANAR OG TILTAK MOT MOBBING I FLORASKULANE

I kontrollutvalsmøte i Flora 31.08.2012 vart det teke opp følgjande sak: «Sak 065/12 Planar og tiltak mot mobbing i Floraskulane». Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i saka:

- *Kontrollutvalet ber om å få tilsendt manifestet Flora kommune har underskrive mot mobbing i skulen.*
- *Kontrollutvalet ber opplyst om kva handlingsplanar Flora kommune har mot mobbing i skulen, og korleis kommunen ligg an med å gjennomføre tiltak i samsvar med handlingsplanane.*
- *Kontrollutvalet ber særskilt om å få informasjon om kor mange klager kring mobbing som er innlevert til Floraskulane og kva tiltak som er sette i verk i høve til desse sakene.*
- *Rådmannen vert kalla inn til neste møte i kontrollutvalet i saka.*

Vi ber om å få tilsendt manifestet Flora kommune har underteikna mot mobbing, planar som er laga i høve til arbeidet mot mobbing, samt skriftleg opplyst kor mange klager kring mobbing som er innlevert til Floraskulane og kva tiltak som er sette i verk i høve til desse konkrete sakene.

Rådmannen vert kalla inn til neste møte i kontrollutvalet, som er tidfesta til 25. oktober 2012, for å gje utfyllande informasjon kring arbeidet mot mobbing i Floraskulane.

For kontrollutvalet



Asgeir Tveit



**SEKOM-sekretariat**

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571



SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Vår ref.  
11/458-13/K2-B36, K2-A20//BEFO

Dykkar ref.

Dato:  
Florø: 17.10.2012

## PLANAR OG TILTAK MOT MOBBING I FLORASKULANE

Vi viser til førespurnad datert 05.09.2012.

Vi sender som vedlegg:

1. Manifest mot mobbing 2011-2014, KUOP 22.03.2011, Sak 015/11
2. Lokalt manifest mot mobbing, arkivsaknr 11/458-6
3. Kommunedelplan for oppvekstsektoren 2011-2020, kap 4 Elevmiljø
4. "Det er mi sak at vi får det til" – dømme frå Brandsøy skule
5. Orientering om trivsel og mobbing i floraskulen og florabarnehagen, rådmannen si orientering i KUOP-møte 16.09.2012.

Som dømme på handlingsplan frå skulane har vi lagt ved "Det er mi sak at vi får det til"(Vedlegg 4). Rektor ved Brandsøy skule skal presentere skulen sitt arbeid for resten av fylket på Fylkesmannen si årlege regelverksamling no i oktober. Elles finn de informasjon om skulane sine planar og arbeid i rådmannen si orientering til KUOP (Vedlegg 5).

Floraskulane har motteke 6 meldingar som gjeld det psykososiale miljøet til elevar. Dette gjeld ikkje berre problemstillingar knytt til mobbing, men også andre tilhøve. Rådmannen vil orientere om korleis skulane jobbar med dette i møte med Kontrollutvalet 25. oktober.

Med helsing

Guri Langaas (s)  
Kommunalsjef

  
Bente Forfang  
Skulefagleg rådgjevar





**Saksgang**  
Kultur- og oppvekstutvalet

**Møtedato**  
22.03.2011

**Saksnr**  
015/11

**Sakshandsamar:**  
Guri Langaas

**Arkiv:** K2-B36, K2-A20  
**Objekt:** Arkivsaknr  
11/458

## **MANIFEST MOT MOBBING - 2011-2014**

### **Kva saka gjeld:**

Alle kommunane i landet er inviterte til å slutte seg til den nasjonale satsinga Manifest mot mobbing 2011-2014. Dette er eit forpliktande samarbeid for eit godt og inkluderande oppvekst- og læringsmiljø.

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Flora kommune sluttar seg til den nasjonale satsinga Manifest mot mobbing 2011-2014, for å styrke arbeidet for gode og inkluderande oppvekst- og læringsmiljø for alle barn og unge.

### **22.03.2011 KULTUR- OG OPPVEKSTUTVALET**

#### ***Røysting:***

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

### **KUOP-015/11 VEDTAK:**

Flora kommune sluttar seg til den nasjonale satsinga Manifest mot mobbing 2011-2014, for å styrke arbeidet for gode og inkluderande oppvekst- og læringsmiljø for alle barn og unge.

Terje Heggheim  
rådmann

Guri Langaas  
kommunalsjef

**Innleiing:**

Manifest mot mobbing 2011-2014 er ein vidareføring av manifestarbeidet frå 2002. Dette er ei nasjonal satsing for å sikre alle barn og unge eit godt og inkluderande oppvekst- og læringsmiljø.

**Vurdering:**

For å nå målet om eit godt og inkluderande oppvekst- og læringsmiljø, vil vi styrke innsatsen mot mobbing gjennom auka bevissthet, kunnskaps- og kompetanseheving og konkrete handlingar. Vi vil arbeide for samarbeid og lokal forankring, og for at leiarar tar ansvar for å forhindre og handtere uønska åtferd.

I Flora har dei kommunale foreldretutvala for barnehage og grunnskule, Fagforbundet og Utdanningsforbundet slutta seg til dette samarbeidet.

Vi viser også til arbeidet med MOT og ulike program for inkluderande læringsmiljø, og til arbeidet med læringsmiljø i Oppvekstplan 2011-2020.

**Økonomiske konsekvensar:**

Det er ingen økonomiske konsekvensar før det eventuelt vert gjort eigne vedtak.

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:****Prenta vedlegg:**

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
1	I	08.02.2011	Kunnskapsdepartement	Invitasjon til samarbeid mot mobbing (Manifest mobbing 2011-2014)	
3	I	14.02.2011	Flora FrP v/Bjarne Holme	Spørsmål	
2	I	16.02.2011	Det kongelige kunnskapsdepartement v/Kristin Halvorsen	Kampanje mot mobbing	

2)



DET KONGELIGE  
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

*Kunnskapsministeren*

Flora kommune  
Markegata 51  
6900 Florø  
Ved Ordfører

FLORA KOMMUNE POSTMOTTAK	
Arkivsaknr.	11/458-6
Dato:	- 1 JUN 2011
P	IS
Utt:	
Sakst:	

Vår Ref  
200900751

Dato  
27.05.11

**Takk for bidraget i kampen mot mobbing!**

Vi takker for at dere har meldt kommunen deres på det nasjonale samarbeidet mot mobbing, og at dere har registrert dere på vår nettside. Vedlagt ligger et lokalt manifest som er tilsvarende det dere fylte ut på nettsiden, og med deres opplysninger flettet inn. Dette manifestet kan nå signeres.

Arbeidet mot mobbing må forankres og integreres i hele kommunen og i alt arbeid som vedgår barn og unge. Det er viktig at manifestesigneringen forplikter og følges opp gjennom konkrete tiltak og systematisk arbeid

På vegne av partene ønsker jeg dere velkommen som part i Manifest mot mobbing (2011-2014).

Lykke til!

Med hilsen

Kristin Halvorsen



Flora kommune sluttar seg til den nasjonale satsinga for å styrke arbeidet for eit godt og inkluderande oppvekst- og læringsmiljø for alle barn og unge. Vi skal ha nulltoleranse for mobbing.

Vi vil følgje opp arbeidet gjennom aktuelle undersøkingar og kartleggingar. Dette omfattar drøfting av den årlege Elevundersøkinga og den årlege tilstandsrapporten for grunnopplæringa, jfr. opplæringslova § 13-10 andre ledd og privatskolelova § 5-2 andre ledd bokstav k.

**Bente Frøyen Steindal**  
Ordfører

#### **Vi skal arbeide for at:**

- Barnehagar, skolar, fritidsmiljø og andre stader barn og unge oppheld seg er mobbefrie soner.
- Barnehagar og skolar arbeider aktivt førebyggjande med å styrke den sosiale kompetansen til barn og unge og motarbeider alle former for mobbing og utestenging.
- Leiingar på alle nivå tek ansvar og har nulltoleranse for mobbing.
- Alle som har eit ansvar for barn og unge sitt oppvekstmiljø, samarbeider systematisk og målretta mot mobbing.
- Det finst planar, kompetanse og etablerte rutinar for førebygging og handtering av mobbing ved alle skolar.

#### **Vi vil arbeide spesielt med:**

- Flora kommune har sidan 2003 deltatt i MOT og vidarefører dette gjennom deltaking i "Lokalsamfunn med MOT".
- Vi arbeider med ein Oppvekstplan der skulemiljø og barnehagemiljø er viktige tema. Alle skular og barnehagar utarbeider tiltaksplanar for eit godt skule/barnehage-miljø. Nokre av skulane deltar i nasjonale program mot mobbing.
- Deltaking i "Trivselsleder" er ei satsing for skulane frå skuleåret 2011/2012.

#### **Partane i vår kommune er:**

- Alle skular og barnehagar
- Kommunalt foreldreutval for barnehage
- Kommunalt foreldreutval for skule
- Fagforbundet i Flora
- Utdanningsforbundet i Flora

# Kommunedelplan for oppvekstsektoren 2011-2020

## Kapittel 4 Elevmiljø

### A Samandrag

Skulane arbeider systematisk for å sikre at elevane sine rettar etter Opplæringslova § 9a blir oppfylde, både førebyggjande og med tiltak når brot skjer. Elevmiljøet er tema for årleg politisk handsaming både som eiga politisk sak og som del av det årlege dialogmøtet mellom skulesektoren og KUOP. Eit vellykka arbeid knytt til §9a føreset generelt god vaksendekning på alle trinn og budsjett knytt til intern kompetanseheving og kjøp av ekstern kompetanse.

### B Mål

I samsvar med Opplæringslova § 9a driv skulane i Flora eit systematisk arbeid for å fremje helse, miljø og tryggleik for elevane. Både for dette og for korleis ein skal gripe inn når denne retten blir krenka finst det rutinar som alle tilsette kjenner til. Evaluering av arbeidet knytt til § 9a er eit årleg tema for skulen, skulen sine utval og for politikarane i kommunen.

### C Tiltak

1. Skulane driv eit systematisk førebyggjande arbeid for å fremje helse, miljø og tryggleik for elevane. Det vert gjennomført årlege kurs i førstehjelp for alle vaksne.
2. Det er laga rutinar for tverrfagleg arbeid og oppfølging på området.
3. Viss dei tilsette ved skulen får kjennskap til eller mistanke om at elevane sine rettar etter § 9a blir brotne, set rektor straks i verk tiltak i samsvar med vedtatte rutinar.
4. Skulane dokumenterer at det fysiske miljøet er i samsvar med faglege normer. Det blir sikra økonomi til framleis å ha god standard på bygg, innbu og reinhald slik det er uttrykt i «Veileder for forskrift for miljørettet helsevern i barnehage og skole».
5. Skulen sine utval har elevmiljø som årleg tema.
6. Det blir lagt stor vekt på å fysiske aktivitetar som eit viktig bidrag til elevhelsa i samsvar med folkehelsearbeidet i kommunen.
7. Ha nulltoleranse for mobbing, styrke kompetansen om mobbing blant tilsette i kommunen, og alle skular og barnehagar skal ha eigne antimobbeplanar.
8. Skulesektoren sitt arbeid på dette området blir tatt opp til politisk handsaming minst ein gong i året.

## Kapittel 4 Elevmiljø

§9a i Opplæringslova er gjerne kalla elevane sin arbeidsmiljølov. Elevar i grunnskulen har eit særleg vern i høve til tryggleik, fysisk og psykisk, jamfør § 9a i Opplæringslova. Dette kapitlet har som mål



å klargjere korleis Flora kommune forvaltar dette rettsvernet gjennom rutinar, tiltak og oppfølging. I hovudtrekk handlar dette kapittelet om:

- elevane sitt fysiske skulemiljø, der alle elevar har rett til ein arbeidsplass som er tilpassa behova deira
- elevane sitt psykososiale miljø, der den einskilde eleven opplever tryggleik, sosialt tilhøyr og vert verdsett
- elevmedverknad, her vert det slått fast at dette er ein rett for elevane, medan læreplan for klasse- og elevrådsarbeid utdjupar føremål og former for elevmedverknad.

Kommunen som skuleeigar har eit klårt systemansvar og skal sikre at skulane har dei naudsynte rutinane på plass. På skulenivå er det rektor som er ansvarleg for elevane sin tryggleik, men alle tilsette har ansvar for å varsle om forhold og om naudsynt gripe inn. Kvar skule skal iflg. § 9a aktivt drive eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane. Minst ein gong kvart år skal skulen sine råd og utval underrettast om alle tilhøve, deriblant planar, hendingar og vedtak som har vesentleg innverknad på skulemiljøet. Det er viktig at tilsette og føresette er kjent med desse retningslinene. Difor er det lagt inn døme på korleis ulike skular arbeider med førebygging og oppfølging av elevmiljøspørsmål og referansar til lover og regelverk.

### **Politisk oppfølging av skule/elevmiljøspørsmål**

Flora kommune knyter ei tettare oppfølging av skule- og elevmiljøet til det politiske nivået gjennom direkte kommunikasjon mellom skular, barnehagar, rådmann og politiske organ. Denne kommunikasjonen bør vere ein dialog der partane i fellesskap set fokus på aktuelle problemstillingar i skulemiljøspørsmål. Eit slik møte bør finne stad årleg og ha ei strukturert oppfølging.

### **Utvikling, dialog og erfaringslæring for å skape kvalitet**

Den beste strategien for å skape varig og god kvalitet på førebyggjande og oppfølgjande miljøarbeid er gjennom dialog, erfaringslæring og skulemiljøutvikling. Dette er eit internt arbeid på skulane i samarbeid med elev og foreldrerepresentantar, hjelpeapparat og lokalmiljø. Det er samtidig eit tema for skulane sine nettverk og rådmannskontaktar. Skuleeigar må legge til rette for å sikre kontinuitet og lette administrasjon av foreldreutval på kommunenivå (KFU – Kommunalt foreldreutval).

Kommunedelplan for oppvekstsektoren 2011-2020

## **Skuleeigar sitt ansvar for å sikre lovkrav og krav til forsvarleg system**

Det som må kontrollerast er at det finst dokumentasjon på dei tiltak og rutinar som lov og forskrift tilseier at kvar skule skal ha. Denne kontrollen er skuleeigar sitt ansvar og vert følgt opp gjennom tilsyn frå fylkesmannen. Vidare har kommunen si bygg og eigedomsavdeling ansvar for forsvarlege bygg og naudsynt vedlikehald.

## **Det fysiske miljøet**

Det er krav til dokumentasjon på at det fysiske miljøet er i samsvar med faglege normer. Skulen skal vere innreia slik at det blir teke omsyn til dei elevane som har funksjonshemmingar.

Ved nybygg og ombygging gjeld særlege krav til utforming av arbeidsplassar, uteområde, toalett og hygieneforhold. Det er krav til kvalitet på luft, lys, støy, temperatur og tilgang til reint drikkevatt.

## **Det psykososiale miljøet**

Dersom dei tilsette ved skulen får kjennskap til eller mistanke om at ein elev vert utsett for krenkande ord, eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkomande snarast undersøke saka og varsle skoleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogeleg, sjølv gripe direkte inn. (§ 9a-3 andre ledd). Rektor har eit omfattande ansvar for at arbeidet er forsvarleg.

## **Tiltak på kommunenivå**

Kommunenivået representerer skuleeigarrolla, er skulefagleg ansvarleg, har støttefunksjonar innan fag og utvikling og har det politisk ansvaret for skulemiljøet og forvaltar ressurstildeling.

Vidare er det eigne fagområde for helse, omsorg, barnevern og pedagogisk- psykologisk teneste. Alle desse instansane representerer tenester og ressursar som er relevante i forhold til krava i §9a.

Ansvar for det fysiske miljøet er fordelt mellom Flora bygg og eigedom og tenestene gjennom leigekontraktar. Kommunenivået har såleis ansvar for ressursfordeling og oppfølging. For skuleeigar er oppfølgingsansvaret regulert gjennom § 13.10 i opplæringslova.

Det skal vere innarbeidde rutinar for rapportering frå tenestene til kommunenivået. Like viktig er det med direkte kommunikasjon mellom skular, barnehagar, rådmann og politiske organ. Denne kommunikasjonen bør vere ein dialog der partane i fellesskap set fokus på aktuelle problemstillingar som skulemiljøet. Eit slik møte bør finne stad årleg og ha ei strukturert oppfølging. Faginstansane i kommunen sitt oppfølgingsansvar er retta mot den einskilde skule, og einskildsaker. Det må også etablerast møteplass for til dømes skulehelsetenesta, Barn og unge, PPT med fleire for å stimulere utvikling av forsvarleg skulemiljø. Kommunedelplan for oppvekstsektoren 2011-2020

## **Foreldre- og elevmedverknad**

Elevane skal engasjerast i planlegginga og gjennomføringa av det systematiske arbeidet for helse, miljø og tryggleik ved skulen.

Det er krav til representasjon, informasjon og hjelp for elevane til å engasjere seg i skulemiljøarbeidet. Både opplæringslova sin § 11 om samarbeidsutval/skulemiljøutval og Læreplan for klasse- og elevrådsarbeid har klåre reglar for korleis dette skal gjerast, likeeins Læringsplakaten. Foreldre sin medverknad i skulen sine råd og utval er godt forankra i lov og forskrifter. Desse rådsorgana skal etablerast for kvart skuleår. Rektorane må legge til rette for eit første foreldremøte ved skulestart med val av klassekontaktar. Klassekontaktane utgjør Foreldreutvalet for skulen (FAU). FAU bør vere etablert innan 1. oktober ved kvar skule. FAU oppnemner sitt styre og representantar til samarbeidsutval/skulemiljøutval.

Foreldre har høve til å etablere egne utval på kommunenivå, slik ma. foreldreutvalet for grunnskulen (FUG) tilrår. Foreldreutvala i Flora har etablert eit utval på kommunenivå (KFU). Skuleeigar må legge til rette for å sikre kontinuitet og lette administrasjon av KFU.

## **Tilsyn og kontroll og klagerett**

Utdanningsdirektoratet har eit overordna nasjonalt, fagleg mynde for tilsynsarbeid som følgje av opplæringslova og privatskolelova. Det er fylkesmannen som gjennomfører tilsyn med skular og skuleeigarar.

Fylkesmannen sitt tilsyn fører kontroll med at kommunar og fylkeskommunar og andre som driv opplæring etter opplæringslova og privatskolelova, overheld dei lovbestemte krava som gjeld for opplæringa, jf. opplæringslova §§ 14-1, 4A-10 og privatskolelova § 7-2.

Rapportar etter tilsyn kan medføre avvik som kommunen får ein frist til å utbetre. Rapportane er offentlege og tilgjengeleg på fylkesmannen si heimeside.

Foreldre har klagerett etter Forvaltningslova dersom dei meiner ein skule ikkje gjer dei naudsynte handlingar i saker som fell inn under §9a i opplæringslova. Skulen har informasjonsplikt om klageretten.

## **Referanse til kommunalt kvalitetssystem:**

Skulane i Flora er omfatta av eit felles, kommunalt kvalitetssystem som er bygd opp etter mal frå utdanningsdirektoratet og Kommunenes Sentralforbund. Systemet har to hovudelement, det eine er skulen si opplisting av tiltak for å sikre lovkrava i lov og forskrifter. Det andre er eit felles årshjul for å halde framdrift og oversyn over ansvar, handlingar, arenaer og dokument, sjå referanseliste og kapittelet om Kvalitetssystem i planen.



13)

## "DET ER MI SAK AT VI FÅR DET TIL" - ORDENSREGLAR, vedteke haust 2011

Vi spelar på lag for å få eit godt miljø i barnehage og skule. Personalet i barnehage og skule har eit profesjonelt ansvar for eit godt læringsmiljø, eit miljø der alle er trygge, kan trivast, utvikle seg positivt og lære. Personalet har også ansvar for å ta initiativ til samarbeid med heimane til barna.

Foreldre har hovudansvaret for barnet si læring og sosiale utvikling. Grunnleggande verdiar og haldningar blir forma av foreldra si haldning. Når foreldre og tilsette spelar på lag, når barn opplever at det er dei same positive haldningane som blir formidla og når rutinar og reglar blir følgd opp av alle vaksne rundt barnet, då har vi skapt vilkår for eit godt læringsmiljø.

Gjennom eit år har Brandsøy skule og barnehage sett på kva barna, foreldra og personalet meiner vi skal kunne forvente av kvarandre, og kva for rutinar og reglar vi skal ha. Vi har også sett på moglege konsekvensar når det er brot på viktige reglar. Det viktigaste er likevel den dialogen vi har med barnet når orden og åtferd ikkje er god nok, og at heim og skule formidlar det same.

Det er skulen sitt ordensreglement som er utgangspunkt for halvårsvurdering i orden og åtferd frå 1. til 7. årssteg. I halvårsvurderinga av orden og åtferd, tar vi omsyn til at krava skal auke med alder. Vurdering i orden og åtferd er skilt frå vurdering i faga.



### SOM ELEV SKAL EG

#### **- vere førebudd til opplæringa**

Eg er utkvild når eg møter på skulen, har ete frukost og møter presis. Eg har med meg det som er avtalt av skulesaker, gymnastikk-kle og matpakke, og hugsar på meldingar som blir gitt. Eg har gjort heimearbeidet mitt så godt eg kan. Eg tar godt vare på bøker og anna utstyr og veit at det som blir rota vekk eller øydelagt fordi eg er ufor-siktig, må erstattast. Eg har med og skiftar til innesko, og held god orden i garderoben.

#### **- ha gode arbeidsvanar og god innsats**

Eg har ei positiv innstilling til skulen og til å lære, og veit at det er eg sjølv som må arbeide for å lære. Eg kan arbeide etter mål, konsentrere meg om oppgåvene og uroar ikkje andre elevar. Eg liker å bli utfordra og kan streve og gruble lenge på noko. Eg spør når eg lurar på noko, eg rekker opp handa og kan å vente på tur. Eg går roleg og snakkar stille inne. Eg hjelper andre elevar og tar imot hjelp når eg treng det. Heime har eg faste rutinar for å gjere lekser.

#### **- oppføre meg bra overfor medelevarne**

Eg er høfleg mot alle, også mot dei eg ikkje liker så godt. Eg har respekt for alle, også for dei som er yngre enn meg og plagar ingen. Eg kan samarbeide på ein bra måte med alle. Eg er ein god ven og seier og gjer ting som gjer venene mine glade. Eg hjelper dei som treng det, tar andre med i leik og seier frå dersom andre oppfører seg dårleg. Eg er like omsynsfull når eg skriv noko på nettet. Eg tar ansvar for at andre kjenner seg trygge på skulen og på skulevegen. Eg snakkar på ein skikkeleg måte, og veit at det ikkje er nokon unnskyldning å vere sint. Der-som eg veit at nokon blir plaga, skal eg seie frå, og kan snakke både med foreldra mine, lærarane og med rektor.

#### **- oppføre meg bra overfor dei som arbeider på skulen og i barnehagen**

Eg veit at alle som arbeider på Brandsøy skule og barnehage har ansvar for meg, enten dei er mest i barnehage eller skule eller er vikarar. Eg tar imot beskjedar på ein høfleg måte, viser respekt og svarar skikkeleg. Eg held avtalar. Eg helsar og oppfører med bra også når eg møter dei vaksne på fritida.

## ANDRE REGLAR SOM GJELD

- Det er mi sak at det er fint og ryddig ute og inne. Eg tar vare på miljøet og sorterer avfallet på riktig måte.
- Når eg sjølv er skuld i at skulesaker blir øydelagt, må eg erstatte det eller betale kostnaden
- Eg har alltid med meg melding frå foreldra mine når eg har vore borte frå skulen og når det er aktivitetar eg ikkje skal delta på. Læraren min kan gi fri inntil 3 dagar når foreldra mine sender skriftleg søknad. Rektor kan gi fri inntil to veker.
- Frå 5.klasse kan eg sykle til skulen, og då må eg ha hjelm. Inne på skuleområdet skal eg ikkje sykle, men parkere på tilvist plass. Dette gjeld også sparkesykkel.
- Eg har ikkje med rullebrett og liknande
- Alle private verdisaker, t.d. leikar, sykklar og pengar, er mitt eige ansvar og blir ikkje erstatta av skulen dersom dei blir øydelagde eller forsvinn. Dersom eg har med mobiltelefon, MP3 og liknande, skal dei vere avslått i heile skuletida
- Ting som kan vere farlege eller som kan føre til uro, skal eg ikkje ta med på skulen. Døme på slike ting kan vere kniv, laserpenn og vatnballongar
- Snøball kan eg bare kaste på avtalte blinkar
- Det er forbode å ha med tobakk og alle former for rusmiddel
- Fram til klokka 1630 er uteområdet reservert for barnehage og SFO. Etter 1630 er alle velkomne til å nytte uteområdet og skal sjølvstøtt ta godt vare på det!



## NÅR EG BRYT REGLANE

- Når ein av dei tilsette vil snakke med meg om at eg har brote ein regel, svarer eg på ein skikkeleg måte og får forklare meg. Eg kan også sjølv kome med forslag til korleis vi kan løyse mindre regelbrot. Alle som arbeider på skulen eller i barnehagen skal passe på at eg følgjer reglane. Kontaktlæraren min og rektor eller inspektør, snakkar med meg når det er alvorlege brot på reglane.
- Læraren kan bestemme at eg skal ta igjen tid eg har kasta bort, eller gjere arbeid eg ikkje har gjort til avtalt tid, ved å bruke pausane. Læraren kan også bestemme at eg skal gjere slikt arbeid etter skuletid, og då får eg gi melding til foreldra mine.
- Læraren min gir anmerkning i Fronter bl.a. når eg har gløymt noko eller kjem for seint. Foreldra mine kan logge seg på og følgje med på dette.
- Eg skal gjere opp for meg ved å innrømme det når eg har gjort noko gale. Eg kan bli nødt til å erstatte noko som er øydelagt, rydde eller vaske noko som er tilgrisa eller få hjelp av foreldra mine til å reparere noko. Foreldra mine kan bli ansvarlege for erstatning opp til 5000 kroner.
- Omfattande tilgrising, hærverk eller tjuveri, vil bli meldt til politiet. Dersom den skuldige melder seg umiddelbart, kan det bli avtalt med foreldra at det blir gjort opp for skaden utan å involvere politiet.
- Dersom eg bryt reglane som gjeld for mobiltelefon eller anna eg har med meg på skulen, blir gjenstanden tatt. Foreldra mine må då hente telefonen eller anna eg har hatt med meg.
- Om eg oppfører meg dårleg, svarar frekt og skaper uro for dei andre elevane, kan læraren plassere meg i eit anna rom med ei oppgåve for inntil ein time.
- Om eg har brukt vald mot nokon eller gjort noko svært alvorleg, skal rektor varsle foreldra mine og kan utvise meg frå skulen resten av dagen. Rektor lagar i så fall eit "enkeltvedtak", og dette får foreldra mine skriftleg.

*Det er vi vaksne som har ansvar for at barn utviklar god orden og god åtferd. Når barn ikkje har den orden eller den åtferda vi ønskjer, kan vi leite etter tiltak på skulen og heime. Her er noko av det som kan vere med å sikre ei god utvikling hos elevane:*

### **SOM MOR/FAR SKAL EG**

#### **- lære barnet mitt god orden**

Eg passer på at barnet mitt får sove nok og et ein sunn frukost. Barnet mitt har også med seg sunn matpakke. Eg held meg orientert og les informasjon frå skulen. Heime er det gode rutinar for at guten/jenta mi tar med seg riktige skulesaker og kle på skulen. Eg viser interesse for skulearbeidet og følgjer med på arbeidsplanar og heimearbeid.

Eg legg stor vekt på at det er viktig å møte presis.

#### **- lære barnet mitt gode arbeidsvanar**

Heilt frå starten bidreg eg til gode rutinar for heimearbeidet. Eg ser til at heimearbeidet blir gjort, blant anna ved å passe på at det ikkje er for mange fritidsaktivitetar. Eg formidlar til barnet mitt at skulearbeidet er viktig. Eg samarbeider med læraren og sjekkar alltid opp med skulen før eg gjer meg opp ei meining om problematiske forhold.

Eg skriv melding i meldingsboka når barnet mitt har hatt fråver eller skal vere vekk frå skulen.

#### **- vise barnet mitt korleis ho/han skal oppføre seg bra overfor medelevar**

Eg er ein god modell og snakkar sjølv fint om andre sine barn og om dei som jobbar i barnehagen og på skulen. Eg er høfleg mot alle, også mot dei eg ikkje liker så godt. Eg tar ikkje barnet mitt i forsvar utan vidare, men veit at ei sak alltid har fleire sider. Eg lærer barnet mitt nettvett, og viser at krenking på nett er like alvorleg som det som skjer ansikt til ansikt. Mitt barn deler ut invitasjonar på skulen bare når alle i ei gruppe får komme. Eg seier frå når eg opplever eller veit om at barn blir plaga over tid, og oppmoder skulen om å undersøke nærare.

#### **- vise barnet mitt korleis ho/han skal oppføre seg bra overfor dei som er tilsett på skulen**

Eg har fokus på god oppførsel heime og snakkar skikkeleg om og til andre, sjølv om eg kan vere sliten og irritert. Eg legg vekt på å bruke eit språk som barnet mitt kan ta etter. Eg helsar på tilsette og andre foreldre. Eg samarbeidar og viser velvilje og eg er klar over at det er annleis for ein lærar som har ei heil gruppe å ta omsyn til. Eg ønskjer å hjelpe til og vil det beste for alle barna. Heime tar vi opp diskusjon om mobbing og motiverer til at vårt barn viser positiv åtferd overfor alle og tør å seie frå når nokon blir plaga.

Eg veit at det er viktig å følgje opp det vi har bestemt skal vere standardar og reglar på skulen og eg gjer mitt for å ha eit tett samarbeid. Eg har ei positiv innstilling når eg tar kontakt med skulen og forventar at alle der vil det beste for mitt barn.

### **SOM TILSETT PÅ SKULEN SKAL EG**

#### **- vere godt førebudd til opplæringa**

Eg er i klassen når elevane kjem. Eg er fagleg førebudd og har planlagt dagen godt. Eg har klare mål for kva elevane skal lære. Eg lagar gode arbeidsplanar og sørger for at elevane veit kva som er forventa av dei både på skulen og heime. Eg gir tydelege beskjedar. Det praktiske, materiell og fysisk miljø, er gjennomtenkt. Eg gir tilbakemelding til foreldre både om positive og negative episodar.

#### **- ha fokus på gode arbeidsvanar**

Eg har gode rutinar for start, overgangar og avslutning. Eg bruker tid på førforståing, gode arbeidsplanar og konkrete mål, repetisjon og vurdering av kva som er forstått og korleis vi bør arbeide vidare. Eg samarbeider med kollegaer, elevane og foreldra for å skape gode vanar som fremjar læring. Eg stiller krav til elevane om orden og konsentrasjon, og gir positive tilbakemeldingar på innsatsvilje og pågangsmot. Eg oppmuntrar til å stille spørsmål, men viser kor viktig det er at dei sjølve må søke etter svara. Eg gir barna høve til å arbeide på varierte måtar og tid til å fordjupe seg. På alle steg gir eg opplæring i læringsstrategiar.

#### **- oppføre meg bra overfor barna og foreldra**

Eg legg stor vekt på å ha ein god relasjon til barna. Alle barna som er i barnehagen og på skulen er mitt ansvar. Eg gir klare beskjedar på ein positiv måte. Eg viser at eg sjølv lurar på ting og er nysgjerrig. Eg har gode og kjende rutinar for kva som skjer når det er manglande orden og uønska åtferd. Eg lar ikkje barn miste ansikt overfor andre barn, men tar dei til side når dei må irettesettast. Eg tar barna på alvor og lar dei få fortelje og seie si meining. Eg veit at skulevegen er viktig og tar dette opp i klassen. Eg undersøker alltid vidare ved mistanke om

mobbing, diskuterer det med kollegaer og melder frå til rektor. Eg fokuserer på barna sine sterke sider og er løysingsorientert når noko er problematisk. Eg er med og skaper situasjonar der barn får høve til å vise omsorg for andre og ta ansvar. Eg medverkar bl.a. til at fadderordningane våre fungerer godt. Alle barn er mitt ansvar, enten dei går i skule eller barnehage.

Eg er profesjonell i møte med foreldre og veit at det er eg som tilsett som har størst ansvar for eit godt sosialt klima i våre møtepunkt. Eg snakkar positivt om barna, om foreldra og kollegaer, og vernar om taushetsplikta i alle samanhengar.

Når eg opplever eller får vite om at barn kan vere utsett for gjentatt plaging, undersøker eg alltid dette nærare sjølv eller i samarbeid med kollegaer og leiinga. Rektor gjer enkeltvedtak når det blir meldt om mobbing eller oppmoda om tiltak knytt til slike saker.



## **BRANDSØY SKULE OG BARNEHAGE ARBEIDER SYSTEMATISK FOR Å SKAPE EIT GODT SOSIALT MILJØ**

- \*Vi har ein visjon for barnehagen og skulen som vi vurderer kvart år
- \*Vi har faste barne- og elevsamtalar gjennom året
- \*Vi bruker tid på etisk refleksjon, gjennom måten vi snakkar med barna på og gjennom strukturerte filosofiske samtalar
- \*Vi har utvikla eit ordensreglement gjennom deltaking frå både foreldre, barn og personale. Dette blir gjennomgått og vurdert kvar haust
- \*Tidleg i året har vi ei "Sosialveke" der alle elevane er i aldersblanda grupper og møter alle i personalet
- \*Vi avsluttar dei fleste vekene med "Helgeslepp" der alle er samla og der barnegruppene etter tur har ansvar for program
- \* Elevane i 7.klasse vel kvart år ei individuell praktisk oppgåve, oftast noko som kjem fellesskapet til gode
- \*Vi har kvar dag fruktstund med oppdelt frukt og god tid til matpause med fullt tilsyn
- \*Vi har ein aktivitetsplan for året som bl.a. kan innehalde Luciafest for barnehagen, julefest med program av 1. og 5.klasse, påske lunsj med smøremåltid og spel av 3. og 4.klasse og ein sommarfest for alle. Aktivitetsplanen inneheld kvart år ein variasjon av elevkveldar som karneval eller diskotek, og vi legg til rette for at foreldre kan arrangere slike aktivitetar for klassane
- \*Vi er Miljøfyrtårn, noko som bl.a. betyr at vi har fokus både på det fysiske og sosiale miljøet
- \*Vi nyttar "Trivselsleiar", eit opplegg der elevar frå 4.- 7. klasse blir opplært til å leie aktivitetar for medelevane sine i ei pause kvar dag frå måndag til torsdag
- \*Dei yngste elevane bruker programmet "Zippy's venner", utvikla for å jobbe med psykisk helse
- \*Vi har kompetanse og materiell til å bruke programmet "Steg for steg", og kan plukke delar av dette ved behov

Ordensreglane blir tatt opp i rådsorgana ved skulen kvar haust. Resultat frå elevundersøkinga frå våren før blir gått gjennom samtidig. Etter gjennomgang i elevråd, FAU og personalmøte, avgjer Skulemiljøutvalet konkrete mål og tiltak for det fysiske og sosiale miljøet det året.

Ordensreglane gjeld i all form for skuletid, på turar, på skulevegen og skulebussen. Dei gjeld også for alt som er knytt til skulen sine aktivitetar på nettet.

Dokument til hjelp i vanskelege saker

- Prosedyre ved melding eller mistanke om mobbing og fast skjema for enkeltvedtak i slike saker
- Prosedyre for handtering av konflikhtar
- Kriseperm med framlegg til rutinar

## Kultur- og oppvekstmøte 17. september 2012

### **Orientering om trivsel og mobbing i florakulen og florabarnehagen**

På bakgrunn av oppslag i media i seinare tid har politikarane i KUOP bedt om ei orientering om korleis situasjonen er når det gjeld arbeidet mot mobbing. Følgjande tre spørsmål har kome frå Arbeiderpartiet ved Ola Teigen:

1. Den generelle stoda for antimobbeprogram i Floraskulen
2. Korleis vi styrkar kompetansen til våre lærarar og førskulelærarar (jfr kap 4c7)
3. Korleis vi ligg an i skular og barnehagar i arbeidet med eigne antimobbepplanar (jfr kap 4c7)

Floraskulen og barnehagane har gjennom mange år hatt sterkt fokus på arbeid med å fremje trivsel og å førebygge mobbing, samt ha gode rutinar for å arbeide med konkrete saker der det førekjem mobbing.

I arbeidet med Oppvekstplanen, som starta hausten 2009, vart det tidleg klart at tema som elevmiljø og barnehagemiljø er svært sentrale tema når det gjeld kvalitet i skule og barnehage. Kapittel 3 **Barnehagen som læringsarena** og kapittel 4 **Elevmiljø** omhandlar mål og tiltak på området. I begge desse kapitla er nulltoleranse for mobbing tatt inn i teksten. Kapittel 5 **Tverrfagleg samarbeid** skisserer også mange tiltak som omhandlar førebygging og prosedyrar/rutinar for konkrete situasjonar. Skulane og barnehagane har, både før og etter at planen vart vedtatt, lagt stor vekt på arbeidet med eit godt sosialt miljø, sosial kompetanse og førebyggande tiltak mot mobbing. Av førebyggande tiltak kan nemnast:

- Olweusprogrammet
- MOT
- Trivselsleiarprogrammet
- Ulike pedagogiske opplegg:
  - Zippys venner, Steg for steg, Venner- Kanin og Pinnsvin, Snakkepakken
- Ulike kulturprosjekt som miljøtiltak
- Sprekingen
- Ekstra tilsyn i friminutta
- Velfungerande elevråd
- Trivselsundersøkingar ut over elevundersøkinga
- Etter- og vidareutdanning i t.d. klasseleiing



### **Førebygging og avdekking av mobbing**

Alle skular og barnehagar har kjøpt inn Kriseperm for skule/barnehage. Krisepermen har eit eige kapittel om mobbing som vert nytta. I tillegg har mange av skulane/barnehagane utarbeidd eigne planar som omhandlar både det førebyggjande aspektet – fremje god trivsel og førebygge mobbing – og tiltaksplan/rutinar for kva dei skal gjere når mobbing vert avdekket. Skulemiljø/barnehagemiljø er tema på personalmøte, foreldremøte og møte i råd og utval, elevråd, foreldreråd (FAU) og samarbeidsutval (SU).

I skulane vert elevundersøkinga årleg gjennomgått og drøfta av dei tilsette, i elevrådet, i foreldrerådet og i samarbeidsutvalet. Desse drøftingane er viktige føresetnader for evaluering av planer og vurdering om nye, eventuelt andre tiltak skal settast i verk. Konferansesamtaler, foreldremøte, dei tilsette sine observasjonar og meldingar frå elevar og foreldre er viktige for å avdekke mobbing. Dukk det opp mistanke eller påstandar om mobbing, set skulen/barnehagen umiddelbart i verk faste prosedyrar slik dei t.d. er skildra i "Kriseperm for grunnskolen/barnehagen", med klare avtaler mellom impliserte partar, tilsette og føresette. Om nødvendig brukar skulen/barnehagen instansar som PPT, barnevern, Innvandrarsenteret eller andre.

### **Manifest mot mobbing**

Flora kommune, slutta seg til Manifest mot mobbing 2011 – 2014 hausten 2011 – KUOP-sak 015/11. Samarbeidspartar i dette, er saman med skulane og barnehagane; dei kommunale foreldreutvala, Utdanningsforbundet og Fagforbundet. Som ein del av arbeidet med Manifest mot mobbing, har Flora kommune den 24. januar 2013 invitert ein etterspurd føredragshaldar, Nuria Moe, for å snakke om temaet mobbing i barnehagen. Møtet er opne for tilsette i barnehagane, PPT, helsestasjon, barnevern, foreldre og andre interesserte.

Fleire av skulane og barnehagane har også nytta haustens temaveke om "Voksne skaper vennskap" til eit ekstra fokus på arbeidet for eit godt psykososialt miljø. Slike temaveker kan bidra til auka merksemd på temaet, men det aller viktigaste er det jamne dagelege og kontinuerlege arbeidet for eit godt miljø for alle i skule og barnehage. Og å reagere straks ein oppdagar eller får mistanke om at barn vert utsett for krenkjande handlingar.

Alle vaksne er rollemodellar for barn og unge, og det må vi alle vere oss bevisste.

*Florø 16.09.12*

*Guri Langaas*

*kommunalsjef*

## 070/12 SKRIV OG MELDINGAR

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 15.10.2012.

<b>Utval</b>	<b>Dato</b>	<b>Utv.- Saknr.</b>	<b>Status</b>	<b>Vedtaks- organ</b>
Kontrollutvalet	25.10.2012	070/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyre	-	-	-	Nei

### **Saksvedlegg**

- SM 48-12 Vedtak fmsk sak 084/12 Sluttrapport – prosjekt 78656 Asfaltering vegar Ytre Reksta og Rognaldsvåg.
- SM 49-12 Vedtak bst sak 123/12 Kontrollutvaissak 051/12 Forvaltningsrevisjon – Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren.

### **Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

### **KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:**

Saksutgreiing

## **SKRIV OG MELDINGAR**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

### **Saksopplysningar:**

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**



Saksgang	Møtedato	Saksnr
Prosjektkomiteen	09.05.2012	008/12
Kontrollutvalet	31.08.2012	059/12
Formannskapet	11.09.2012	084/12

Sakshandsamar:  
Hanne Anette Flugre

Arkiv: K1-216, K2-  
Q04

Arkivsaknr  
11/1753

## SLUTTRAPPORT - PROSJEKT 78656 ASFALTERING VEGAR YTRE REKSTA OG ROGNALDSVÅG

### Kva saka gjeld:

Overtaking av lån pålydande kr.300.000,- frå Grendeutvalet for Rognaldsvåg/Reksta/Kinn vedkomande fornying av toppdekket på Ytre Reksta og Røgnøy.

### FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Sluttrapport og sluttregneskap vert godkjent slik det ligg føre.

### 09.05.2012 PROSJEKTKOMITEEN

#### *Røysting:*

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### PRKO-008/12 VEDTAK:

1. Sluttrapport og sluttregneskap vert godkjent slik det ligg føre.

### 11.09.2012 FORMANNSKAPET

#### *Røysting:*

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

**FORM-084/12 VEDTAK:**

1. Sluttrapport og sluttregnskap vert godkjent slik det ligg føre.

Terje Heggheim  
Rådmann

Reidulf Refsnes  
Tenesteleiar

**Innleiing:**

Grendalaget for Rognaldsvåg/Reksta/Kinn bad ordføreren i 2008 om forskotteringsløyve for asfaltering av veg på Ytre Reksta og på Rognsøy.

Grendalaget ville ta op lån på kr.300.000,- og bere rentekostnaden med dette i 3 år.

Deretter skulle Flora kommune overta.

**Vurdering:**

**Formannskapet gjorde følgjande vedtak i sak 089/08 den 3.6.2008:**

1. Bygdelaget får løyve til å forskottere asfaltering av vegane på Ytre Reksta og Rognaldsvåg innan ei kostnadsramme på kr.300.00,- inkl. mva. Grendalaget ber rentekostnadane i 3 år.
2. Flora kommune overtek lånet etter 3 år.
3. Forskotteringsløyve må godkjennast av Fylkesmannen.
4. Vedtaket er gjort i medhald av KL § 13 og Flora kommune ber om at fylkesmannen godkjenner vedtaket så snart råd er med omsyn til gjennomføring

**Økonomiske konsekvensar:**

Det vil vere ei innsparing i vedlikehaldet gjennom å leggje fast dekke på vegstrækningane.

Det vart og føresett at prosjektet vart rekna som påkostning, og skule etter føreskriftene først i kapitalrekneskapen.

**Fylkesmannen gjorde følgjande vedtak i brev av 10.6.2008:**

Etter kommunelova § 50 nr. 9, jf. Departementet si fullmakt av 27.2.2001, skal Fylkesmannen godkjenne låneopptak for kommunar som er innmeldt i Robek. Vi har godkjent låneopptak for kr.300.000,- til asfaltering av vegar på Ytre Reksta og Rognsøy. Det er eit vilkår at lånet blir betalt tilbake i samsvar med reglane i kommunelova § 50 nr 7 – avdragstida kan ikkje overstige den vekta-levetida for kommunen sine samla anleggsmidlar ved årsskifte.

Flora Kommune har i samsvar med avtale, overteke lånet i 2011 Det vart skriven avtale i samsvar med vedtak frå Formannskapet, mellom Reidulf Refsnes i Flora kommune og Ingrid Reksten som representerte Bygdelaget Havglimt den 4.7.2008.

**Prenta/uprenta vedlegg:**

Nr	T	Dok: dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
1	U	31.10.201	Kommunerevisjonen	Sluttrapport Prosjekt 78656	
		1	i Ytre Sogn og Sunnfjord	Asfaltering vegar Ytre Reksta og Rognaldsvåg	
2	I	09.02.201	Kommunerevisjonen	Førebels revisjonsuttale -	
		2	Ytre Sogn og Sunnfjord	Sluttrapport/-Rekneskap for Prosjekt 78656 Asfaltering vegar Ytre Reksta og Rognaldsvåg	
4	I	26.06.201	Kommunerevisjonen	Revisjonsuttale - sluttrekneskap og sluttrapport Prosjekt nr 78656 asfaltering vegar Ytre Reksta og Rognaldsvåg	
		2	Ytre Sogn og Sunnfjord		
5	I	03.09.201	SEKOM-sekretariat	059/12 Prosjektrekneskap - sluttrekneskap og sluttrapport prosjekt nr 78656 Asfaltering vegar Ytre Reksta og Rognaldsvåg	
		2			

SM 49-12



FLORA  
KOMMUNE

Saksgang	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	24.08.2012	078/12
Bystyret	04.09.2012	123/12

**Sakshandsamar:**  
Linda Nipen Asphjell

**Arkiv:** K1-216  
**Objekt:**

**Arkivsaknr**  
11/773

## KONTROLLUTVALSSAK 051/12 FORVALTNINGSREVISJON - 'SJØLVKOSTBEREKNINGAR PÅ VAR-SEKTOREN'

### **Kva saka gjeld:**

Kontrollutvalssak 051/12 knytt til forvaltningsrevisjonsrapport "Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren" i Flora kommune.

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

1. Forvaltningsrevisjonsrapport frå KRYSS-revisjon om sjølvkostberekningar på VAR-sektoren av 16.5.2012 vert teken til vitande slik den ligg føre.
2. Bystyret ber administrasjonen følgje tilrådingane frå kontrollutvalet:
  - a. Bystyret ber administrasjonen vurdere forankringa av fordelingsnøklane for indirekte kostnader i VAR rekneskapen og sjå til at desse er i samsvar med tilrådingane i H 2140. Dette skal blant anna innebere at nøklane er etterprovbare.
  - b. Bystyret ber administrasjonen oppdatere økonomihandboka i tråd med vedteke møte- og delegeringsreglement av 7.6.2012, jf. praksis og relevant regelverk.
  - c. Bystyret ber kontrollutvalet følgje opp merknadene bystyret har til rapporten.

### **24.08.2012 FORMANNSKAPET**

Vedlegg (rapport) i saka vart delt ut i møtet.

#### ***Framlegg:***

Framlegg frå Repr. Bente Frøyen Steindal, AP:

Formannskapet tek saka til vitande. Saka går vidare til bystyret.

#### ***Røysting:***

Framlegget frå Steindal, Ap vart samrøystes vedteke.

### **FORM-078/12 VEDTAK:**

Formannskapet tek saka til vitande. Saka går vidare til bystyret.

04.09.2012 BYSTYRET

**Røysting:**

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

**BYST-123/12 VEDTAK:**

1. Forvaltningsrevisjonsrapport frå KRYSS-revisjon om sjølvkostberekningar på VAR-sektoren av 16.5.2012 vert teken til vitande slik den ligg føre.
2. Bystyret ber administrasjonen følgje tilrådingane frå kontrollutvalet:
  - a. Bystyret ber administrasjonen vurdere forankringa av fordelingsnøklane for indirekte kostnader i VAR rekneskapen og sjå til at desse er i samsvar med tilrådingane i H 2140. Dette skal blant anna innebære at nøklane er etterprovbar.
  - b. Bystyret ber administrasjonen oppdatere økonomihandboka i tråd med vedteke møte- og delegeringsreglement av 7.6.2012, jf. praksis og relevant regelverk.
  - c. Bystyret ber kontrollutvalet følgje opp merknadene bystyret har til rapporten.

Terje Heggheim  
rådmann

Linda Nipen Asphjell  
kommunalsjef økonomi



**Prenta/uprenta vedlegg:**

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
1	I	08.04.2011	Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord	Forvaltningsrevisjon - 'Sjølvkostberekningar på VAR- sektoren'	
2	I	14.04.2011	Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord	Møtereferat - oppstartmøte forvaltningsrevisjon 'Kontroll av sjølvkostberekningar på VAR- sektoren'	
3	I	07.02.2012	Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord	Tinging frå Kontrollutvalet i Flora - Overordna analyse - Flora kommune 2012	
4	I	24.05.2012	SEKOM-sekretariat	Forvaltningsrevisjonsrapport - Sjølvkostberekningar VAR sektoren - 051/12	

**071/12 PROSJEKTRKESKAP – SLUTTREKNESKAP OG SLUTTRAPPORT  
PROSJEKT NR 75332 – EIKEFJORD VASSBEHANDLINGSANLEGG –  
STRAUMAGGREGAT – TAK**

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 16.10.2012.

<b>Utval</b>	<b>Dato</b>	<b>Utv.- Saknr.</b>	<b>Status</b>	<b>Vedtaks- organ</b>
Kontrollutvalet	25.10.2012	071/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Ja

**Saksvedlegg:**

- Revisjonsuttale frå KRYSS-revisjon datert 08.10..2012.
- Oversendingsbrev, datert 26.09.12.
- Sak 015/12 i prosjektkomiteen datert 26.09.2012.
- Utskrift av rekneskapen.
- Sluttrapport.20.07.2012.
- Førebels revisjonsuttale frå KRYSS-revisjon datert 07.08.2012.

**Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

- Kommunelova .
- Økonomireglement for Flora kommune.

**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

- Kontrollutvalet viser til revisjonsuttale datert 08.10.2012
- Under føresetnad av at meirforbruket vert finansiert i samsvar med regelverket har ikkje kontrollutvalet merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

**KONTROLLUTVALET SIN UTTALE TIL BYSTYRET :**

Saksutgreiing

**PROSJEKTRKESKAP – SLUTTREKNESKAP OG SLUTTRAPPORT  
PROSJEKT NR 75332 – EIKEFJORD VASSBEHANDLINGSANLEGG –  
STRAUMAGGREGAT – TAK**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

**Innleiing – Kva saka gjeld**

Det ligg føre endeleg prosjektrekneskap og sluttrapport for prosjekt nr 75332 Eikefjord vassbehandlingsanlegg - straumaggregat – tak. Kontrollutvalet skal i saker som gjeld sluttrekneskap for investeringsprosjekt gje uttale til sluttrapporten og sluttrekneskapen.

**Saksopplysningar:**

Det vert vist til rekneskapen og sluttrapporten og det som elles ligg føre av dokument i saka.

Sluttrapport og byggjerekneskap er oversendt revisjonen. Revisjonsuttalen er datert 08.10.2012.

Prosjektrekneskapen viser ein totalkostnad på kr. 542.916,47. Budsjettråma for prosjektet var kr. 17.500.000,-. Prosjektet har såleis eit mindreforbruk på kr. 460.000,-. Prosjektet er finansiert med lån.

Prosjektkomiteen har i si sak gjort vedtak om at mindreforbruket skal avsetjast til unytta lånemidlar.

Revisjonsuttalane stadfester taldelen i sluttrekneskapen.

Bystyret gjer vedtak i prosjektrekneskapssaker med kostnader over kr. 500.000,-, jfr. delegasjonsreglement for Flora kommune. Bystyret gjer også endeleg vedtak med omsyn til kva måte meirforbruket skal finansierast.

**Sekretariatet sine vurderingar:**

Sekretariatet viser til rekneskapen, revisjonsuttale og det som elles ligg føre av dokument i saka. Vi vurderer det slik at kontrollutvalet bør uttale at under føresetnad av at meirforbruket vert finansiert i samsvar med regelverket kan prosjektrekneskapen godkjennast slik han ligg føre.

Flora Bystyre  
v/Ordførar  
6900 Florø

Dykkar ref.: Vår ref.: Arkivkode: Journalnr.: Dokumentdato:  
Kryss/flora/prosjektrek/2012/prosjekt75332 216M16 081/2012 08.10.2012

## REVISJONSUTTALE - SLUTTREKNESKAP OG SLUTTRAPPORT *PROSJEKT NR 75332 – Eikefjord Vassbehandlingsanlegg- straumagregat - tak*

Rekneskapen for ovannemnde prosjekt nr 75332 – *Eikefjord Vassbehandlingsanlegg- straumagregat - tak* har vore førelagt kommunerevisjonen i Flora kommune for gjennomsyn og kontroll.

Vi har gjennomført dei kontrollhandlingar som samsvarar med "ISRS 4400 – Avtala kontrollhandlingar". Disse er opplista nedanfor. Handlingane er utført for å bistå Flora Bystyre i vurderinga av riktigheita av økonomien i *prosjekt nr. 75332 – Eikefjord Vassbehandlingsanlegg- straumagregat - tak*

Vi vil oppsummere vårt arbeid slik:

Det ligg føre rapporteringsskjema for *prosjekt nr. 75332 – Eikefjord Vassbehandlingsanlegg- straumagregat – tak* som viser ein totalkostnad på Kr 542 916,47. Den vedtekne budsjetttramma for prosjektet utgjer kr 460 000,- prosjektet har såleis eit meirforbruk på kr 82 916,47.

Prosjektkomiteen har gjett si tilråding til finansiering i PRKO -015/12. Vi vil ikkje ha merknader til at Flora Bystyre tiltrer vedtak frå Prosjektkomiteen i sak PRKO-015/12. Vi viser og til våre merkander i førebels revisjonsuttale d 07.08.2012.

Vi stadfester med dette at vi bl.a. har gjennomført følgjande kontrollhandlingar:

- Om prosjektrekneskapen er underskriven på vegne av kommunen
- Beskrivinga av at prosjektrekneskapen samsvarar med politisk vedtak og budsjettføresetnader.
- utgifter og inntekter som er bokført på prosjektet vedkjem prosjektet og har "tilhørigheit" til dette
- at det er korrekt handsaming av regelverk kring moms og momskompensasjonsordningane (to adskilte regelregime)
- at prosjektrekneskapen er konsistent med taldelen i dei offisielle årsrekneskapane for Flora kommune, som den byggjer på
- at rekneskapsrapporteringane er i samsvar med Flora Bystyre sine vedtak. Jfr det som er nemnt i sluttrapporten .

Våre revisjonshandlingar mot vedkommande prosjektrekneskap for *prosjekt nr 75332 – Eikefjord Vassbehandlingsanlegg- straumagregat - tak* vil bli innstilt så snart Flora Bystyre sitt vedtak i saka er effektivert av økonomiavdelinga i Flora kommune.

Florø 08.10.2012



**KRYSS REVISJON**  
KOMMUNEREVISJONEN I  
YTRE SOGN OG SUNNFJORD  
Trine Yoksul  
Kommunerevisor I

Vedlegg:Utskrift av rekneskap  
Sluttrapport  
PRKO-015/12  
Førebels revisjonsuttale 07.08.2012

Kopi: Kontrollutvalet  
Rådmannen  
økonomissjef Ruth S.Sunde  
Controller Berit Seljeseth Osa



Kryss Revisjon  
Strandgata 43 2. etg.

6900 FLORØ

Dato: 27.09.2012      Off:  
Sak nr. 080/2012      Reg.nr.:  
Arkiv:  
Avd.kode: 216 M16  
Sakshandsamar T.V.

Vår ref.  
12/897-3/K1-033//GUNY

Dykkar ref.

Dato:  
Florø: 26.09.2012

## OVERSENDING AV SAKER TIL KRYSSREVISJON/KONTROLLUTVAL

Vedlagt følger kopi av sluttrapportsaka som vart behandla i Prosjektkomiteen den 26.09.2012, for endeleg revisjon og vidaresending til behandling i Kontrollutvalet.

### Saka er:

Sak 015/12: Sluttrapport prosjekt 75332 – Eikefjord vassbehandlingsanlegg –  
straumagregat.– tak.

Med helsing

Gunnvor Nygård  
møte- og utvalsekretær

### Kopi til:

- Controller Berit Seljeseth Osa
- Økonomisjef Ruth Svortevik Sunde
- Tenesteleiar Reidulf Refsnes



**Saksgang**  
Prosjektkomiteen  
Kontrollutvalet  
Formannskapet

**Møtedato**  
26.09.2012

**Saksnr**  
015/12

**Sakshandsamar:**  
Hanne Anette Flugre

**Arkiv:** K2-M16, K3-&47 **Arkivsaknr**  
12/1229

**SLUTTRAPPORT PROSJEKT 75332 - EIKEFJORD  
VASSBEHANDLINGSANLEGG - STRAUMAGREGAT - TAK**

**Kva saka gjeld:**  
Rehabilitering av Eikefjord Vassbehandlingsanlegg.

**FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

1. Sluttrapport med rekneskap vert vedteke slik det ligg føre.
2. Prosjekt 75332 vert å oppfinansiere med kr.82.916,47 frå prosjekt 79545 Hovudplan vassforsyning.

**26.09.2012 PROSJEKTKOMITEEN**

**Røysting:**  
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**PRKO-015/12 VEDTAK:**

1. Sluttrapport med rekneskap vert vedteke slik det ligg føre.
2. Prosjekt 75332 vert å oppfinansiere med kr.82.916,47 frå prosjekt 79545 Hovudplan vassforsyning.

Terje Heggheim  
Rådmann

Reidulf Refsnes  
Tenesteleiar

**Vurdering:**

Ved gjennomføring av tiltaket ville anlegget få ei oppjustering både bygnings- og brannteknisk samt at ein fekk ei forbetra driftssikring for vassforsyninga i forsyningsområdet. Bygginga ville dessutan få betre estetisk utsjånad i det gardstunet det grensar til.

**Økonomiske konsekvensar:**

Prosjektkomiteen vedtok i sak 039/04 den 20.07.2004, at prosjekt nr. 75332 "Eikefjord vassbehandlingsanlegg strømagregat og nytt.tak", vart å finansiere over Handlingsplan for 2004, kap. 6.2, sjølvfinansierte tenester, fase 3, vassforsyning, med kr.410.000,-. Det vart og i Bystyret budsjett 2006 gitt tilleggslovving på kr.50 000,- til aggregat.

Prosjektet er gjennomført med eit meirforbruk på kr.82 916,47. Meirforbruket skyldast leveransar/arbeid som ikkje var teken inn i konkuransgrunnlaget vedkommande oppdatering av ventilasjonsanlegg m/spjeldmotorar og kabling for nytt nødstrømagregat.

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:****Prenta/uprenta vedlegg:**

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
1	U	02.07.2012	Kryssrevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord	Sluttrapport Prosjekt 75332 - Eikefjord vassbehandlingsanlegg - strømagregat - tak	X
2	I	07.08.2012	Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord	Førebels revisjonsuttale - sluttrapport/-rekneskap for prosjekt 75332 - Eikefjord vassbehandlingsanlegg - strømagregat - tak	X

**Utskrift til:**

- Sakshandsamar
- Kryssrevisjonen
- Kontrollutvalet

Byggerekneskap for: Eikefjord vassbeh.anl.-staumagr./tak  
 Prosjekt nr. 75332  
 Ar: 2004-2007


Spesifikasjon utgifter / inntekter:

Kostnadsart:	Ar 2004	Ar 2005	Ar 2006	Ar 2007	Til saman:	Budsjett
<b>Utgifter:</b>						
195 Avgifter, gebyr. lisenser	1 505,00				1 505,00	
230 Byggjenester	221 400,00		58 436,00		279 836,00	460 000
270 Konsulenttenester	13 480,00		61 280,00		74 760,00	
290 Interne overføringer	108 633,00	19 064,00	55 839,20	1 553,27	183 089,47	
500 Renter	2 269,00	408,00	985,00	64,00	3 726,00	
<b>Sum utgifter</b>	<b>345 287,00</b>	<b>19 472,00</b>	<b>176 540,20</b>	<b>1 617,27</b>	<b>542 916,47</b>	<b>460 000</b>
<b>Inntekter:</b>						
700 Refusjon frå andre					0,00	
830 Overføring frå fylke					0,00	
<b>Sum inntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0,00</b>
<b>Netto utgift</b>	<b>345 287,00</b>	<b>19 472,00</b>	<b>176 540,20</b>	<b>1 617,27</b>	<b>542 916,47</b>	<b>460 000</b>
<b>Netto meirforbruk i høve til budsjett</b>						<b>-82 916,47</b>

Finansiering

Ar	Rekneskap Netto utgift	Finansiering		
		Bundne fond	Likv.reserve	Lån
2004	345 287,00			345 287
2005	19 472,00			19 472
2006	176 540,20			176 540,2
2007	1 617,27			1 617,27
<b>Sum</b>	<b>542 916,47</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>542 916,47</b>
<b>Netto meirforbruk</b>				<b>-82 916,47</b>

Løyvingar		
Prosjektkomiteen sak 39/04	Lån	410 000
Bystyre Budsjett 2006	Lån	50 000
<b>Sum</b>		<b>460 000</b>

FLORA KOMMUNE  
 Økonomiavdelinga, 13.10.2011  
  
 Linda Nipen Asphjell  
 økonomisjef

  
 Ruth Svordevik Sunde  
 rekneskapsjef





## 1 FLORA KOMMUNE (2011) - Av/Periode 2011 1 - 98

13.10.2011


Prosjekt: 75332 EIKEFJORD VASSBEH.ANL.-STRAUMAGR/TAK	Regnskap	Buds(ønd)	Regnskap	Buds(ønd)	Regnskap	Buds(ønd)
	2004	2004	2005	2005	2006	2006
31952 BYGGESAKSGEBYR	1.505,00	0	0,00	0	0,00	0
32301 BYGGETENESTER	0,00	0	0,00	0	58.436,00	0
32310 TOTALENTREPRISE	0,00	410.000	0,00	0	61.280,00	50.000
32314 HOVEDENTREPRISE	221.400,00	0	0,00	0	0,00	0
32701 KONSULENTTENESTER	13.480,00	0	0,00	0	0,00	0
32901 INTERNE OVERFØRINGAR, INTERNKJØP	106.633,00	0	19.064,00	0	55.839,20	0
35002 BYGGELÅNSRENTER	2.269,00	0	408,00	0	985,00	0
Sum utgifter	345.287,00	410,000	19.472,00	0	176.540,20	50.000
39101 BRUK AV LÅN	-345.287,00	-410,000	-19.472,00	0	-176.540,20	-50.000
Sum: inntekter	-345.287,00	-410,000	-19.472,00	0	-176.540,20	-50.000
Sum prosjekt: 75332:EIKEFJORD VASSBEH.ANL.-STRAUMAGR/TAK	0,00	0	0,00	0	0,00	0
TOTALT	0,00	0	0,00	0	0,00	0



## 1 FLORA KOMMUNE (2011) - Av/Periode 2011 1 - 98

13.10.2011

	Regnskap 2007	Budsjend) 2007	Regnskap 2008	Budsjend) 2008	Regnskap 2009	Budsjend) 2009	Regnskap 2009	Budsjend) 2009
Prosjekt: 75332 EIKEFJORD VASSBEH.ANL.-STRAUMAGR./TAK								
32901 INTERNE OVERFØRINGAR, INTERNKJØP	1.553,27	0	0,00	0	0,00	0	0,00	0
35002 BYGGELANSRENTER	64,00	0	0,00	0	0,00	0	0,00	0
Sum utgifter	1.617,27	0	-0,00	0	0,00	0	0,00	0
39101 BRUK AV LÅN	-1.617,27	0	0,00	0	0,00	0	0,00	0
Sum inntekter	-1.617,27	0	0,00	0	0,00	0	0,00	0
Sum prosjekt: 75332 EIKEFJORD VASSBEH.ANL.-STRAUMAGR./TAK	0,00	0	0,00	0	0,00	0	0,00	0
T O T A L L T	0,00	0	0,00	0	0,00	0	0,00	0

 <b>FLORA KOMMUNE</b>	Mal				
	<b>Sluttrapport</b>				
	Dok.	nr.	rev.	Godkjent dato	Godkjent
M -	003	-01	01.01.05	(slgn.)	Til godkjenning

Prosjekt navn: Eikefjord vassbeh.anl. – siraumagr./tak	Nr: 75332
--	-----------

#### Politiske vedtak

Plan-og Miljøutval/Plankomité:
Prosjektkomité: Sak: 039/04      Møtedato:20.07.2004
Formannskap:
Bystyre:

#### Historikk / Erturvurderingar:

(Avvik og erfaringar i forhold til planer, framdrift, økonomi, kvalitet etc.) Ev. på eige vedlegg.

##### Saka gjeld:

Rehabilitering av Eikefjord Vassbehandlingsanlegg.

##### Innleing:

I samsvar med plantiltak nr. 44 i Hovudplan for vassforsyning 2000-2011 starta ein etter mandat frå rådmannen i januar 2004 forprosjektering og detaljprosjektering for rehabilitering av vassbehandlingsbygninga samt tilrettelegging for montasje av nødstrømagregat.

Ved gjennomføring av tiltaket ville anlegget få ei oppjustering både bygnings- og brannteknisk samt at ein fekk ei forbetra driftssikring for vassforsyninga i forsyningsområdet. Bygninga ville dessutan få betre estetisk utsjånad i det gardstunet det grensar til.

Prosjektkomiteen vedtok i sak 039/04 den 20.07.2004, at prosjekt nr. 75332 "Eikefjord vassbehandlingsanlegg strømagregat og nytt tak", vart å finansiere over Handlingsplan for 2004, kap. 6.2, sjølvfinansierte tenester, fase 3, vassforsyning, med kr.410.000,-. Det vart og i Bystyret budsjett 2006 gitt tilleggsføring på kr.50 000,- til aggregat.

##### Bygningsmessig arbeid:

- Konkurransesform: Begrensa tilbuds konkurranse
- Tilbudsforespørsel/dokument for dei bygningsmessige arbeida vart utsendt til 5 lokale-entreprenørverksemdar den 22.06.2004 med innleveringsfrist 12.07.2004.
- Det vart halde synfaring 30.06.2004 kl.14.00 i Eikefjord.
- Det kom inn tilbod frå 3.firma med sentral godkjenning for tiltaket.
- Lukka tilbudsåpning vart halden umiddelbart etter fristen.
- Det vart vedteke i prosjektkomiteen sak 039/04 at Fanevik Bygg A/S hadde det lågaste tilbodet og fekk kontrakt på dei bygningsmessige arbeida.
- Overtakelsesprotokoll på det bygningsmessige arbeidet vart signert 20.10.2004.

##### Nødstrømagregat:

Det vart sendt ut forespørsel i form av begrensa tilbuds konkurranse for leveranse av Nødstrømagregat til Eikefjord Vassbehandlingsanlegg til:

Eikefjord Elektro AS  
 Focus Elektro AS  
 NBN Elektro AS  
 Sønnico Installasjon AS  
 Siemens AS ävd Sunnfjord  
 Relacom AS

Det vart og ettersendt tilbudsforespørsel til Normatic Nordfjordeid AS den 24.8.2006 etter oppmoding frå Normatic AS.



Det kom inn 3 pristilbud innan innleveringsfristen som var 28.08.2006 kl.13.00.

Desse var frå:

Normatic AS  
Fokus-Elektro AS  
NBN Elektro-AS

**Tilråding:**

Ved evaluering av tilboda vart det lagt vekt på fylgjande moment i ikkje prioritert rekkefølge:

- 1) Tidlegare gjennomførte-prosjekt, kundereferansar, soliditet etc.
- 2) Tilbudsum..
- 3) Byggetid frå anleggstart til ferdigstilling av komplett prosjekt.

Med henvisning til dei ikkje prioriterte momenta ovanfor og innkomne tilbod, fann ein at ein samla sett var Normatic AS som hadde det beste tilbodet ut frå tilbod sum, referansar og leveringstid.

Vurderinga vart utført av prosjektleiar, kommunen sin fagansvarleg-VA og kommunal elektriskar.

**Økonomiske konsekvensar:**


Prosjektet er gjennomført med eit meirforbruk på kr.82 916,47. Meirforbruket skyldast leveransar/arbeid som ikkje var teken inn i konkurransegrunnlaget vedkommande oppdatering av ventilasjonsanlegg m/spjeldmotorar og kabling for nytt nødstrømagregat. Samla kostnad inkl. leveranse, ventilasjonsrister samt del av elektroarbeider og del internkostnader vart på kr.80 000,-.

**Økonomi:**

Vedtatt ramme:	Kr.410 000,-	Bystyre sak 039/04
Kalkyle etter anbudsrunde:		
Eventuelt justert ramme:	Kr.50 000,-	Bystyre sak: Budsjett 2006
Endelige tot. Kostnader:	Kr.542.916,47	
Avvik (- +)	-kr.82.916,47	
Eventuell Oppfinansiering:		Bystyre sak:

Dato: 02.07.2012	Dato: 02.07.2012
Sign: Rune Kroskarsen F. v. g., Avdelingsleder	Sign: Rune Kroskarsen Prosjektleder

Vedlegg: Rapport – Etervurdering/Evaluering av prosjekt.(Se egen mal M-004)



Dagleg leiar/  
Revisjonssjef: Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27  
terje.forde@kryssrevisjon.no  
postmottak@kryssrevisjon.no  
Bank: 3705.08.27845  
Org. nr.: 987 608 064 MVA

Flora Kommune  
Prosjektkomiteen  
v/Reidulf Refsnes  
6900 Florø

FLORA KOMMUNE POSTMOTTAK	
Arkivsaknr.	12/1229-2
Dato:	- 8 AUG 2012
P. M16	8 2 47
U.off.	
Saksh.	RERE

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
Kryss/trine/flora/prosjekt/forebels75332

Arkivkode:  
216M16-

Journalnr.:  
066/2012

Dokumentdato:  
07.08.2012

### FØREBELS REVISJONSUTTALE - SLUTTRAPPORT/ -REKNESKAP FOR PROSJEKT 75332 - Eikefjord vassbehandlingsanlegg - strømagregat - tak

Det ligg føre sluttregneskap for ovannemnde prosjekt for perioden 2004-2007. d.13.10.2011  
Det ligg føre sluttrapport med evaluering av gjennomføring av prosjektet d.02.07.2012

Saka er oversendt revisjonen for forebels uttale, med vidare handsaming i Prosjektkomiteen.

Det ligg føre rapporteringsskjema for prosjekt nr 75332- Eikefjord vassbehandlingsanlegg - strømagregat - tak som viser ein total kostnad på kr 542 916,47. Godkjent budsjett for prosjekt nr 75332- Eikefjord vassbehandlingsanlegg - strømagregat - tak er jfr PRKO-039/04 lån på kr 410 000,- det er vorten gjort tilleggsøyving i prosjektet på kr 50 000,- jfr Bystyre Budsjett 2006. Prosjektet har såleis eit meirforbruk i høve budsjett på kr 82 916,47. Det ligg til Florø Bystyret å finne dekning for meirforbruket.

Vi har stadfesta taldelen i sluttrapporteringa ved vår påteikning i dag. Hovuddelen av prosjektet var ferdigstilt 20.10.2004 vi gjer merksam på lang sakshandsamingstid før prosjektet blir framført til kontroll hos kommunerevisjonen, uttale frå kontrollutvallet, før saksbehandling i prosjektkomiteen og vidare til Flora Bystyret. Bortsett frå denne merknaden har vi ingen ytterlegare kommentarar til den sluttregneskap som ligg føre.

Vi vil kome attende til endeleg revisjonsuttale så snart saka kjem attende frå Prosjektkomiteen; og deretter vil saka bli vidareført til kommunen sitt kontrollutval som vil avgje uttale i saka.

Vi tør be om at saka vert returnert til oss saman med særutskrift frå Prosjektkomiteen si handsaming, slik at vi kan føreta avsluttande revisjonshandlingar og utforme ei endeleg revisjonsuttale til rekneskapsaka. Vi viser ellers til dokument som følgjer saka.

Florø den 7.8.2012

Med helsing

KRYSS REVISJON  
Trine Volund  
KOMMUNEREVISJONEN I  
YTRE SOGN OG SUNNFJORD  
Kommunerevisor I

Vedlegg:  
Utskrift av rekneskap  
Sluttrapport  
Politiske vedtak i sak: prosjekt 75332

Kopi:  
Rådmannen  
Økonomisjef

**072/12 OPPFØLGING AV ARBEIDSTIDSBESTEMMELSAR – ARBEIDSRETTE  
SIN DOM AV 15. MAI 2008**

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

**Dato:** 16.10.2012.

<b>Utval</b>	<b>Dato</b>	<b>Utv.- Saksnr.</b>	<b>Status</b>	<b>Vedtaks- organ</b>
Kontrollutval	25.10.2012	072/12	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyre		-	-	Ja

**Saksvedlegg.**

- Brev frå Sekom sekretariat til rådmannen om oppfølging av arbeidstidsbestemmelsar – arbeidsretten sin dom av 15. mai 2008, datert 05.09.2012.
- Brev frå Kryss revisjon til Flora kommune om arbeidsretten sin dom , 15. mai 2008 «Sandefjorddommen» - Tolking av avlønning mv., datert 25.06.2012.

**Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

- Kontrollutvalssak 64/12.

**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

- Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

**KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:**

Saksutgreiing

**OPPFØLGING AV ARBEIDSTIDSBESTEMMELSAR – ARBEIDSRETTE SIN  
DOM AV 15. MAI 2008**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

**Innleiing – Kva saka gjeld**

Informasjon frå rådmannen om kva rutinar Flora kommune har i høve til å følgje opp at arbeidstidsbestemmelsar for deltidstilsette vert praktisert i samsvar med Arbeidsretten sin dom av 15. mai 2008, «Sandefjorddommen».

**Saksopplysningar:**

Til kontrollutvalsmøtet i Flora 31.08.2012 låg brev til Flora kommune frå KRYSS revisjon om arbeidsretten sin dom av 15. mai 2008 «Sandefjorddommen» - Tolking av avlønning mv ved som skriv og melding i sak 057/12 Skriv og meldingar.

Kontrollutvalet oppretta eiga sak vedrørande brevet, sak 064/12 Oppfølging av arbeidstidsbestemmelsar etter arbeidsretten sin dom av 15. mai 2008. Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i saka: *Kontrollutvalet kallar inn rådmannen for å få orientering om korleis Flora kommune har innordna seg etter Arbeidsretten sin dom av 15. juni 2008, Tolking av avlønning mv. Jfr brev frå KRYSS revisjon av 25.06.2012.*

Det er sendt brev til Flora kommune der dei er orienterte om vedtaket og om at rådmannen vert kalla inn til neste møte i kontrollutvalet.

«Sandefjorddommen» omhandlar korleis arbeidstidstida skal reknast når ein arbeidstakar har fleire deltidsstillingar hos same arbeidsgjevar. Det vert vist til brevet frå KRYSS-revisjon, som ligg ved, om detaljane i dommen.

Kopi: Kontrollutvalet ✓

Flora kommune  
Rådmannen

6900 Florø

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
«Sandefjorddommen»

Arkivkode:  
50

Journalnr.:  
059 / 2012

Dokumentdato:  
25. juni 2012

### Arbeidsretten sin dom, 15. mai 2008 "Sandefjorddommen" – Tolking av avlønning mv.

Som følge av ein del saker som har kome opp i våre kommunar, ønskjer vi å gjere kommunen merksam på verknadene av Arbeidsretten sin dom av 15.05.2008, 'Sandefjorddommen', og vi viser i den samanheng til KS sitt B-rundskriv 9/2008, og også til Arbeidsretten sin dom av 16.12.2010, vedr. det same. Vi ser det som viktig at kommunen er innforstått med korleis dette skal praktiserast, og vi vil derfor informere om og presisere følgjande:

Dersom ein arbeidstakar har fleire deltidstillingar hos same arbeidgjevar, må arbeidstida sjåast under eitt. Dette følgjer av Arbeidsretten sin dom av 15. mai 2008. For nærmare beskrivelse av dommen sjå KS sitt B-rundskriv nr 9/2008. Arbeidstida er individuell og må vurderast konkret for den einskilde arbeidstakar. Korvidt arbeidstakaren har rett til redusert arbeidstid til 35,5 t/veke, avgjer ein ut frå ei konkret vurdering av den samla arbeidsbelastning for arbeidstakaren. Det følgjer av nemnde dom at dersom ei av deltidstillingane kvalifiserer for redusert arbeidstid, dvs. 35,5 t/veke, skal arbeidstakaren også ha redusert arbeidstid for den/dei andre deltidstillinga/-ane. Det er ingen nedre grense for stillingsstorleik, så lenge det er eit fast forpliktande arbeidforhold som kjem inn under hovudtariffavtalen (HTA) Kap. 1, pkt. 1.1.

#### Eksempel 1

Arbeidstakar er fast tilsett og har ein stillingsstorleik på 15 prosent og jobbar kvar tredje søndag på sjukeheimen. Dette gjev rett til redusert arbeidstid, og arbeidstida skal rekna ut frå 35,5 t per veke. Arbeidstakar har i tillegg ein 50 prosent stilling som assistent i SFO, der arbeidstida i utgangpunktet blir rekna ut frå 37,5 t/veke. I og med at arbeidstida skal sjåast under eitt for den einskilde arbeidstakar, medfører det imidlertid at denne arbeidstakar vil ha rett til redusert arbeidstid også for arbeidet i SFO.

#### Arbeidstid for deltidstilsette som tek ekstravakter:

I forlengelse av Arbeidsretten sin dom av 15.mai 2008 kom Arbeidsretten sin dom av 16. desember 2010. Begge dommane i Arbeidsretten inneber at ekstavakter må vurderast både opp mot den faste stillinga og den arbeidstidsordninga der ein arbeidstakar går ekstravakter, sjå HTA, pkt 12.3, andre ledd. Den ordninga der arbeidstakaren kjem best ut, må leggjast til grunn; jfr. KS' Kommunenes Personalhandbok for 2012, side 82-83.

Vi tek med eitpar eksempler til:

Regionskontor for kommunane:  
Flora, Askvoll, Bremanger  
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora  
Tlf. 57 75 60 97  
E-post: [postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no)

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:  
Førde, Jølster, Naustdal, Gaular  
Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde  
Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01  
E-post: [postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no)

Regionskontor for kommunane:  
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund  
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad  
Tlf. 57 78 85 47  
E-post: [postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no)



**Eksempel 2**

Arbeidstakar har eit fast tilsettingsforhold i kommunen med ei 30 prosent stilling på sjukeheimen med ein vekentleg arbeidstid som er rekna ut frå 35,5 t per veke. I tillegg tek arbeidstakaren på seg ekstraarbeid i SFO ved behov, der arbeidstida blir rekna ut frå 37,5 t/veke. I og med at arbeidstida skal vurderast ut frå 30-prosentstillinga, medfører det at arbeidstakaren skal ha betalt etter timesatsen for 35,5 t når vedkomande påtek seg ekstraarbeidet i SFO.

**Eksempel 3**

Arbeidstakar har eit fast tilsettingsforhold i kommunen med ei 30 prosent stilling i SFO med ei vekentleg arbeidstid som er rekna ut frå 37,5 t per veke. I tillegg tek arbeidstakaren på seg ekstravakter på sjukeheimen i helgane. Den totale arbeidstida skal då i utgangspunktet vurderast ut frå det faste og forpliktande arbeidsforholdet arbeidstakaren har, dvs 30 prosent stilling i SFO. Det ville i utgangspunktet innebære at timeløna skulle reknast ut frå 37,5 t per veke. Men i og med at dei andre arbeidstakarane på sjukeheimen har løn ut frå 35,5 t per veke, skal arbeidstakaren i medhold av HTA pkt 12.3, 2.ledd ha løn berekna ut frå 35,5 t for ekstravaktene. Dersom arbeidstakaren her har eit fast tilsettingsforhold på sjukeheimen, jfr. det som er nemnt ovanfor, ville vedkomande ha krav på løn etter 35,5 t/veke for heile tilsettingsforholdet; også det som gjeld SFO; jfr. eksempel 2 ovanfor.

Dersom kommunen ikkje allereide har teke konsekvensane av dei dommar som ligg i Arbeidsretten kring avlønning av fast tilsette som også innehar eit arbeidsforhold som inneber deltidstilsetting (eks. ekstravakter), tør vi be om at kommunen merkar seg korleis dommane skal fortolkast og praktiserast. Vi reknar med at dette også vil kunne ha økonomiske og budsjettmessige konsekvensar dersom kommunen har utstrakt bruk av denne type tilsettingsforhold.

Arbeidsretten sine domsavsigelsar har medført at kommunar har måtte etterbetale til dels store beløp til arbeidstakarar. Vi legg ved kopi av KS-Rundskriv 9/2008. Arbeidsretten sine domsavgjerdslar kan vi oversende på førespurnad. Desse vil kommunen finne på heimesidene til KS og Arbeidsretten.

Vi ønskjer ei kort tilbakemelding frå rådmannen på korleis dette vert praktisert i kommunen.

Florø den 25. juni 2012

Med helsing



Terje Førde  
Dagleg leiar/Revisjonssjef

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Flora kommune  
Postboks 13  
6901 FLORØ

Førde, 05.09.2012

Dykkar ref.:

Vår ref.: At

Jnr.: 356/12

Arkiv: Flora

## OPPFØLGING AV ARBEIDSTIDSBESTEMMELSER – ARBEIDSRETTE SIN DOM AV 15. MAI 2008


Til kontrollutvalsmøtet i Flora 31.08.2012 låg brev til Flora kommune frå KRYSS revisjon om arbeidsretten sin dom av 15. mai 2008 «Sandefjorddommen» - Tolking av avlønning mv ved som skriv og melding i sak 057/12 Skriv og meldingar.

Kontrollutvalet oppretta eiga sak vedrørende brevet, sak 064/12 Oppfølging av arbeidstidsbestemmelser etter arbeidsretten sin dom av 15. mai 2008. Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i saka:  
*Kontrollutvalet kallar inn rådmannen for å få orientering om korleis Flora kommune har innordna seg etter Arbeidsretten sin dom av 15. juni 2008, Tolking av avlønning mv. Jfr brev frå KRYSS revisjon av 25.06.2012.*

Saka omhandlar korleis arbeidstidstida skal reknast når ein arbeidstakar har fleire deltidstillingar hos same arbeidsgjevar. Det vert vist til brevet frå KRYSS-revisjon, som ligg ved, om detaljane i saka.

Rådmannen vert kalla inn til neste møte i kontrollutvalet, som er tidfesta til 25. oktober 2012, for å orientere om korleis Flora kommune har innordna seg i høve til det nemnde.

For kontrollutvalet



Asgeir Tveit



**SEKOM-sekretariat**

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Kopi KRYSS-revisjon

Vedlegg

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

Kopi: Kontrollutvalet ✓

Flora kommune  
Rådmannen

6900 Florø

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkivkode:	Journalnr.:	Dokumentdato:
	«Sandefjorddommen»	50	059 / 2012	25. juni 2012

### Arbeidsretten sin dom, 15. mai 2008 "Sandefjorddommen" – Tolking av avlønning mv.

Som følge av ein del saker som har kome opp i våre kommunar, ønskjer vi å gjere kommunen merksam på verknadene av Arbeidsretten sin dom av 15.05.2008, 'Sandefjorddommen', og vi viser i den samanheng til KS sitt B-rundskriv 9/2008, og også til Arbeidsretten sin dom av 16.12.2010, vedr. det same. Vi ser det som viktig at kommunen er innforstått med korleis dette skal praktiserast, og vi vil derfor informere om og presisere følgjande:

Dersom ein arbeidstakar har fleire deltidstillingar hos same arbeidgjevar, må arbeidstida sjåast under eitt. Dette følgjer av Arbeidsretten sin dom av 15. mai 2008. For nærmare beskrivelse av dommen sjå KS sitt B-rundskriv nr 9/2008. Arbeidstida er individuell og må vurderast konkret for den einskilde arbeidstakar. Korvidt arbeidstakaren har rett til redusert arbeidstid til 35,5 t/veke, avgjer ein ut frå ei konkret vurdering av den samla arbeidsbelastning for arbeidstakaren. Det følgjer av nemnde dom at dersom ei av deltidstillingane kvalifiserer for redusert arbeidstid, dvs. 35,5 t/veke, skal arbeidstakaren også ha redusert arbeidstid for den/dei andre deltidstillinga/-ane. Det er ingen nedre grense for stillingsstorleik, så lenge det er eit fast forpliktande arbeidforhold som kjem inn under hovudtariffavtalen (HTA) Kap. 1, pkt. 1.1.

#### Eksempel 1

*Arbeidstakar er fast tilsett og har ein stillingsstorleik på 15 prosent og jobbar kvar tredje søndag på sjukeheimen. Dette gjev rett til redusert arbeidstid, og arbeidstida skal reknast ut frå 35,5 t per veke. Arbeidstakar har i tillegg ein 50 prosent stilling som assistent i SFO, der arbeidstida i utgangpunktet blir rekna ut frå 37,5 t/veke. I og med at arbeidstida skal sjåast under eitt for den einskilde arbeidstakar, medfører det imidlertid at denne arbeidstakar vil ha rett til redusert arbeidstid også for arbeidet i SFO.*

#### Arbeidstid for deltidstilsette som tek ekstravakter:

I forlengelse av Arbeidsretten sin dom av 15.mai 2008 kom Arbeidsretten sin dom av 16. desember 2010. Begge dommene i Arbeidsretten inneber at ekstrevakter må vurderast både opp mot den faste stillinga og den arbeidstidsordninga der ein arbeidstakar går ekstravakter, sjå HTA, pkt 12.3, andre ledd. Den ordninga der arbeidstakaren kjem best ut, må leggest til grunn; jfr. KS' Kommunenes Personalhandbok for 2012, side 82-83.

Vi tek med eitpar eksempler til:

---

#### Regionskontor for kommunane:

Flora, Askvoll, Bremanger  
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø  
Tlf. 57 75 60 97  
E-post: [postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no)

#### Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular  
Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde  
Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01  
E-post: [postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no)

#### Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund  
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad  
Tlf. 57 78 85 47  
E-post: [postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no)

*Eksempel 2*

*Arbeidstakar har eit fast tilsettingsforhold i kommunen med ei 30 prosent stilling på sjukeheimen med ein vekentleg arbeidstid som er rekna ut frå 35,5 t per veke. I tillegg tek arbeidstakaren på seg ekstraarbeid i SFO ved behov, der arbeidstida blir rekna ut frå 37,5 t/veke. I og med at arbeidstida skal vurderast ut frå 30-prosentstillinga, medfører det at arbeidstakaren skal ha betalt etter timesatsen for 35,5 t når vedkomande påtek seg ekstraarbeidet i SFO.*

*Eksempel 3*

*Arbeidstakar har eit fast tilsettingsforhold i kommunen med ei 30 prosent stilling i SFO med ei vekentleg arbeidstid som er rekna ut frå 37,5 t per veke. I tillegg tek arbeidstakaren på seg ekstravakter på sjukeheimen i helgane. Den totale arbeidstida skal då i utgangspunktet vurderast ut frå det faste og forpliktande arbeidsforholdet arbeidstakaren har, dvs 30 prosent stilling i SFO. Det ville i utgangspunktet innebere at timeløna skulle reknast ut frå 37,5 t per veke. Men i og med at dei andre arbeidstakarane på sjukeheimen har løn ut frå 35,5 t per veke, skal arbeidstakaren i medhold av HTA pkt 12.3, 2.ledd ha løn berekna ut frå 35,5 t for ekstravaktene. Dersom arbeidstakaren her har eit fast tilsettingforhold på sjukeheimen, jfr. det som er nemnt ovanfor, ville vedkomande ha krav på løn etter 35,5 t/veke for heile tilsettingsforholdet; også det som gjeld SFO; jfr. eksempel 2 ovanfor.*


Dersom kommunen ikkje allereide har teke konsekvensane av dei dommar som ligg i Arbeidsretten kring avlønning av fast tilsette som også innehar eit arbeidsforhold som inneber deltidstilsetning (eks. ekstravakter), tør vi be om at kommunen merkar seg korleis dommane skal fortolkast og praktiserast. Vi reknar med at dette også vil kunne ha økonomiske og budsjettmessige konsekvensar dersom kommunen har utstrakt bruk av denne type tilsettingsforhold.

Arbeidsretten sine domsavsigelsar har medført at kommunar har måtte etterbetale til dels store beløp til arbeidstakarar. Vi legg ved kopi av KS-Rundskriv 9/2008. Arbeidsretten sine domsavgjerdslar kan vi oversende på førespurnad. Desse vil kommunen finne på heimesidene til KS og Arbeidsretten.

Vi ønskjer ei kort tilbakemelding frå rådmannen på korleis dette vert praktisert i kommunen.

Florø den 25. juni 2012

Med helsing

**Kommunerevisjonen**  
 Tretre Sogn og Sunnfjord  
 Postboks 457, 6101 Florø  
  
 Torgeir Førde  
 Dagleg leiar/Revisjonssjef.

**073/12 OPPFØLGING BYSTYRET SINE MERKNADER TIL RAPPORT  
EIGARSKAPSKONTROLL ALARMSENTRALEN SOGN OG FJORDANE IKS –  
FLORA KOMMUNE - EIGARSKAPSSTRATEGI**

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 16.10.2012.

<b>Utval</b>	<b>Dato</b>	<b>Utv.- Saknr.</b>	<b>Status</b>	<b>Vedtaks- organ</b>
Kontrollutval	25.10.2012	073/12	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyre		-	-	Ja

**Saksvedlegg.**

- Brev frå kontrollutvalet til rådmannen om oppfølging kommunestyret sine merknader til rapport om eigarskapskontroll i Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS, datert 05.09.2012.
- Vedtak bst sak 030/12 Rapport om eigarskapskontroll – Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS – Flora kommune

**Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

- Kommunelova.
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kontrollutvalssak 31/08, 12/09, 056/10, og 60/12..
- Rapport eigarskapskontroll Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS, datert 22.11.2010.

**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

- Kontrollutvalet tek til vitande at det ikkje er svart på kontrollutvalet sin førespurnad i saka.
- Saka vert sett opp igjen på saklista til neste møte

**KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:**

Saksutgreiing

**OPPFØLGING BYSTYRET SINE MERKNADER TIL RAPPORT  
EIGARSKAPSKONTROLL ALARMSENTRALEN SOGN OG FJORDANE IKS –  
FLORA KOMMUNE - EIGARSKAPSSTRATEGI**  
Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

**Innleiing – Kva saka gjeld**

Oppfølging bystyret sine merknader til rapport eigarskapskontroll Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS – Flora kommune - eigarskapsstrategi

**Saksopplysningar:**

Rapport etter eigarskapskontroll i Alarmsentralen Sogn og Fjordane for Flora kommune gjennomført av SEKOM sekretariat datert 22.11.2010 vart handsama i kontrollutvalet 30.11.2010 i sak 056/10.

Prosjektet hadde følgjande problemstillingar:

- Problemstilling 1: Selskapsavtalen og lov om interkommunale selskap
  - 1a) Kontroller at selskapet har følgd selskapsavtalen slik at kommunane er representerte slik det går fram av denne. Jfr. §§ 7 og 8 i selskapsavtalen. Jfr. også § 6 i Lov om interkommunale selskap
  - 1b) Utøver representanten sitt mynde?
  - 1c) Utøver styret sitt mynde?
- Problemstilling 2: Vedtak i kommunestyret
  - 2a) Vert vedtak gjort i kommunestyret handsama rett og følgd opp i selskapet?
- Problemstilling 3: Utøving av eigarskap målt mot tilrådingar frå KS Eigarforum.
  - 3a) Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalde. (T1)
  - 3b) Utarbeiding av eigarskapsmeldingar. (T2)
  - 3c) Utarbeiding og revidering av selskapsstrategi og selskapsavtale/vedtekter. (T3)
  - 3d) Samansetning og funksjon til eigarorgan. (T7)
  - 3e) Gjennomføring av eigarmøte. (T8)
  - 3f) Samansetting av styret (T9)
  - 3g) Rutinar for kompetansevurdering av selskapsstyra. (T11)

3h) Kjønnrepresentasjon i styret. (T15)

Rapporten hadde følgjande konklusjonar:

- **Problemstilling 1: Selskapsavtalen og lov om interkommunale selskap**
  - 1a) Kontroller at selskapet har følgd selskapsavtalen slik at kommunane er representerte slik det går fram av denne. Jfr. §§ 7 og 8 i selskapsavtalen. Jfr. også § 6 i Lov om interkommunale selskap:  
*Representantskapet og styret er sett saman i samsvar med selskapsavtalen.*
  - 1b) Utøver representanten sitt mynde?

*Representanten til Flora har møtt i alle dei fem representantskapsmøta i den kontrollerte perioden.*

*Alle saker som etter selskapsavtalen skal handsamast i representantskapsmøte har blitt handsama der.*

- 1c) Utøver styret sitt mynde?  
*Styret synest å utøve sitt mynde tilfredsstillande.*
- **Problemstilling 2: Vedtak i kommunestyret**
  - 2a) Vert vedtak gjort i kommunestyret handsama rett og følgt opp i selskapet?  
*Alarmsentralen følgjer opp vedtak gjort i by-/kommunestyret.*
- **Problemstilling 3: Utøving av eigarskap målt mot tilrådingar frå KS Eigardforum.**
  - 3a) Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalde. (T1)  
*Flora kommune har ikkje gjeve representanten tilbod om opplæring i samband med hans verv som kommunen sin representant i Alarmsentralen.*  
  
*Styremedlemene har i inneverande periode ikkje fått tilbod om opplæring i samband med sitt verv i Alarmsentralen.*
  - 3b) Utarbeiding av eigarskapsmeldingar. (T2)  
*Flora kommune har ikkje utarbeidd eigarskapsmelding for selskap dei eig eller er medeigar i.*
  - 3c) Utarbeiding og revidering av selskapsstrategi og selskapsavtale/vedtekter. (T3)  
*Flora kommune har ikkje laga eigarskapsstrategidokument for eigarskapen i Alarmsentralen.*  
  
*Vi har ikkje konkludert på spørsmålet om strategien for eigarskapen i Alarmsentralen er kommunisert ut til representant og styre.*
  - 3d) Samansetning og funksjon til eigarorgan. (T7)  
*Flora kommune har valt politisk representasjon i eigarorganet.*  
  
*Flora kommune har ikkje føreseieleg eller klar kommunikasjon mellom bystyret og eigarorgan i førekant av representantskapsmøte.*
  - 3e) Gjennomføring av eigarmøte. (T8)  
*Det er lagt godt til rette for at representanten skal kunne møte og vere godt førebudd til møte i representantskapet.*
  - 3f) Samansetting av styret (T9)  
*Styret synest å vere sett saman av medlemmer som kompetansemessig utfyller kvarandre.*
    - 3g) Rutinar for kompetansevurdering av selskapsstyra. (T11)  
*Det har ikkje vore gjennomført konkret vurdering av kompetanse i styret.*
  - 3h) Kjønnrepresentasjon i styret. (T15)  
*Lovkravet til minst 40% representasjon i styret frå begge kjønn er oppfylt.*

### Rapporten hadde følgende tilrådingar:

Sekom-sekretariat tilrår at kommunen legg KS-eigarforum sine tilrådingar om eigarskap og selskapsleiing til grunn for sitt utøvande eigarskap i selskap kommunen eig eller er medeigar i.

Etter gjennomført eigarskapskontroll i Alarmsentralen tilrår Sekom-sekretariat særskilt følgjande:

- Det bør gjevast tilbod om opplæring til representantar og styremedlemer.
- Det bør lagast eigarmelding.
- Det bør utarbeidast eigarskapsstrategi og lagast rutinar som sikrar ein aktiv strategidebatt i kommunen.
- Det bør utarbeidast rutinar som sikrar at strategien med eigarskapet vert kommunisert til representantar og styremedlemer.
- Som ledd i utarbeiding av strategi bør det vurderast kva type representasjon kommunen bør ha i representantskapet; politisk, fagleg, administrativ eller anna. Det bør også vurderast kva type representasjon ein ynskjer å ha i styret.
- Det bør utarbeidast retningsliner som sikrar føreseieleg kommunikasjon mellom bystyret og kommunen sin representant i førekant av representantskapsmøte.

### Kontrollutvalet handsama rapporten i møte 30.11.2010 og gav følgjande tilråding til bystyret:

- Kontrollutvalet viser til rapporten etter eigarskapskontroll i Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS frå SEKOM-sekretariat datert 22.11.2010.
- Det vert vist til konklusjonane og tilrådingane i rapporten.
- Kontrollutvalet viser til Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 15, 2. ledd og sender rapporten over til kommunestyret for handsaming.
- Kontrollutvalet tilrår at Flora kommune lagar ei eigarmelding gjeldande for alle selskap kommunen eig eller er medeigar i.
- Kontrollutvalet tilrår at Flora kommune legg KS Eigarforum sine tilrådingar til grunn for sitt utøvande eigarskap.

### Bystyret handsama rapporten i møte 13.03.12 og gjorde følgjande vedtak:

- Saka vert teken til vitande.
- Bystyret ber om at det vert lagt fram ei sak om utarbeiding av eigarskapsmelding, der bystyret får høve til å definere innhald og framdriftsplan.

I kontrollutvalsak 60/12 Oppfølging bystyret sine merknader til eigarskapskontroll Alarmsentralen S og Fj IKS i møte 31.08.2012 gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet ber rådmannen om ei skriftleg orientering om korleis ein ligg an i høve til å effektivere bystyret sitt vedtak i sak 030/12 Rapport om eigarskapskontroll – Alarmsentralen i Sogn og Fjordane IKS – Flora kommune.*

Det er sendt brev frå kontrollutvalet til rådmannen 05.09.12 der rådmannen er orientert om vedtaket og der ein ber om ei skriftleg tilbakemelding til neste møte i kontrollutvalet om korleis ein ligg an i arbeidet med å effektivere bystyret sitt vedtak.

Det er ikkje motteke svar på førespurnaden.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

I og med at det ikkje er motteke svar på førespurnaden tilrår sekretariatet å setje saka på saklista att i neste møte.



# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gløppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Flora kommune  
Postboks 13  
6901 FLORØ

Førde, 05.09.2012

Dykkar ref.:

Vår ref.: At

Jnr.: 355/12

Arkiv: Flora

## OPPFØLGING KOMMUNESTYRET SINE MERKNADER TIL RAPPORT OM EIGARSKAPSKONTROLL I ALARMSENTRALEN SOGN OG FJORDANE IKS


- Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i sak 060/12 Oppfølging bystyret sine merknader til eigarskapskontroll Alarmsentralen S og Fj IKS i møte 31.08.2012: *Kontrollutvalet ber rådmannen om ei skriftleg orientering om korleis ein ligg an i høve til å effektivere bystyret sitt vedtak i sak 030/12 Rapport om eigarskapskontroll – Alarmsentralen i Sogn og Fjordane IKS – Flora kommune.*

Bystyret handsama rapporten i møte 13.03.12 og gjorde følgjande vedtak:

- *Saka vert teken til vitande.*
- *Bystyret ber om at det vert lagt fram ei sak om utarbeiding av eigarskapsmelding, der bystyret får høve til å definere innhald og framdriftsplan.*

Kontrollutvalet ber rådmannen om ei skriftleg tilbakemelding til neste møte i kontrollutvalet om korleis ein ligg an i arbeidet med å effektivere bystyret sitt vedtak.

For kontrollutvalet



Asgeir Tveit



SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gløppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SM 28-12



FLORA  
KOMMUNE

**Saksgang**  
Bystyret

**Møtedato**  
13.03.2012

**Saksnr**  
030/12

**Sakshandsamar:**  
Terje Heggheim

**Arkiv:** K1-026, K2-M70 **Arkivsaknr**  
**Objekt:** 10/777

## **RAPPORT OM EIGARSKAPSKONTROLL - ALARMSENTRALEN I SOGN OG FJORDANE IKS - FLORA KOMMUNE**

### **Kva saka gjeld:**

Rapport frå SEKOM-sekretariatet om eigarskapskontroll ved Alarmsentralen i Sogn og Fjordane.

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Saka vert teken til vitande og punkta frå Kontrollutvalet om å utarbeide eigarskapsmelding vert følgd opp.

### **13.03.2012 BYSTYRET**

#### ***Framlegg:***

Repr.Frank Willy Djuvik,FRP tok opp kontrollutvalet si tilråding.

Repr.Odd Bovim,V gjorde framlegg om å utsette saka.

Repr.Gustav Johan Nydal,KRF bad om at gruppeleiarane kunne ta eit kort møte å sjå på eit evt. fellesframlegg.

Bovim trakk sitt framlegg.

Etter eit kort gruppeleiar møte trakk Djuvik sitt framlegg og Repr.Gustad Johan Nydal,KRF la fram slikt **fellesframlegg:**

1. Saka vert teken til vitande.
2. Bystyret ber om at det vert lagt fram ei sak om utarbeiding av eigarskapsmelding, der bystyret får høve til å definere innhald og framdriftsplan.

#### ***Røysting:***

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

**BYST-030/12 VEDTAK:**

1. Saka vert teken til vitande.
2. Bystyret ber om at det vert lagt fram ei sak om utarbeiding av eigarskapsmelding, der bystyret får høve til å definere innhald og framdriftsplan.

Terje Heggheim  
Rådmann

**Vedlegg:** 056/10 Rapport eigarskapskontroll Alarmsentralen i Sogn og Fjordane IKS – Flora kommune.

## 074/12 OPPFØLGINGSLISTE 7-2012 FLORA

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

**Dato:** 18.10.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	25.10.2012	074/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

### Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 7-2012 Flora.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 7-2012 Flora vert teken til vitande.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

## **OPPFØLGINGSLISTE 7-2012 FLORA**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Saksoppfølging.

### **Saksopplysningar:**

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 18.10 2012.

Lista vil bli oppdatert fortløpande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Saker som kontrollutvalet ønskjer nærare utgreiing om eller undersøkt, kan takast opp i møtet for evt. oppføring på lista.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

## Oppfølgingsliste 7-2012 – Flora.

### Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Flora kommune

I kontrollutvalsmøte 29.02.2008 vedtok kontrollutvalet at det fortløpande skulle hentast inn status i saker som det har handsama. Dette er andre statusrapport. Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
011/09 Tiltak - kontrollutvalsarbeid	31.03.09		31.03.09 Vedtak KU – gjennomfør. Orientering frå etatane, Orientering frå revisor Tilsynsrapportar Tertialrapportar Kvalitetsrapportar vedr Flora.
Sak 078/11 Overordna analyse.	08.12.11		08.12.11 Vedtak KU – Tinge hjå KRYSS.
051/12 Forvaltningsrevisjonsrapport – Sjølvkostberekningar VAR-sektoren	23.05.12		23.05.12 Tilråding til bst. 24.05.12 s. bst 04.09.12 Vedtak bst sak 123/12
055/12 Godkjenning innkalling og sakliste	31.08		31.08 Vedtak KU – ikkje merknader
056/12 Orientering om og omvising ved Helsestasjonen	31.08		31.08 Vedtak KU - Kontrollutvalet merkar seg at det ikkje vert gjeven automatisk tilbakemelding frå sjukhuset til helsestasjonen i samband med fødsjar, men at helsestasjonen må etterspørje slik informasjon. - Kontrollutvalet tek informasjonen om Helsestasjonen til vitande.
057/12 Skriv og meldingar	31.08		31.08 Vedtak KU – Skriv og meldingar vert tekne til vitande.
058/12 Prosjektrekneskap – sluttrekneskap og sluttrapport prosjekt nr 78634 Gang og sykkelveg Eikefjord etappe 2	31.08		31.08 Uttale til bst. 03.09 s bst
059/12 Prosjektrekneskap – Sluttrekneskap og sluttrapport prosjekt nr 78656 Asfaltering vegar Ytre Reksta og rognaldsvåg	31.08		31.08 Uttale til fmsk 03.09 s fmsk 11.09 Vedtak fmsk sak 084/12.
060/12 Oppfølging bystyret sine merknader til rapport eigarskapskontroll Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS – Flora kommune – eigarskapsstrategi.	31.08		31.08 Vedtak KU – Kontrollutvalet ber rådmannen om ei skriftleg orientering om korleis ein ligg an i høve til å effektivere bystyret sitt vedtak i sak 030/12 Rapport om eigarskapskontroll – Alarmsentralen i Sogn og Fjordane IKS – Flora kommune. 05.09 Brev frå sekom til Florar kommune. 12.10 Purring på svar på brev av 05.09.12
061/12 Oppfølgingsliste 6-2012	31.08		31.08 Vedtak KU – Oppfølgingsliste 6-2012 Flora vert teken til vitande.
062/12 Eventuelt	31.08		31.08 Vedtak KU – -I samband med at kontrollutvalet legg fram årsmeldinga til bystyret, bør leiar for kontrollutvalet samstundes gje ei generell orientering om kontrollutvalet sine oppgåver og ansvar, som er utleia av § 77 i kommunelova med tilhøyrande forskrift.  -I neste møte legg nestleiar i kontrollutvalet fram ei orientering om FKT-konferansen i Trondheim i juni.  Det vert oppretta følgjande saker: - Oppfølging om korleis Arbeidsretten sin dom

			<p>av 2008, tolking av avlønning, datert 25.06.2012, vert handtert.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Planar og tiltak mot mobbing i Flora skulane.</li> <li>- Orientering om Flora ungdomsskule.</li> </ul> <p>Dei to neste møte i kontrollutvalet vert flytta til 25. oktober og 30. november 2012.</p>
063/12 Budsjett 2013 – Drift av kontrollutvalet	31.08		31.08 Tilråding til bst
064/12 Oppfølging arbeidstidsbestemmelsar etter arbeidsretten sin dom av 15. mai 2008	31.08		<p>31.08 Vedtak KU –</p> <p>Kontrollutvalet kallar inn rådmannen for å få orientering om korleis Flora kommune har innordna seg etter Arbeidsretten sin dom av 15. juni 2008, Tolking av avlønning mv. Jfr brev frå KRYSS revisjon av 25.06.2012.</p> <p>05.09 Brev frå sekom til Flora kommune</p>
065/12 Planar og tiltak mot mobbing i Floraskulane	31.08		<p>31.08 Vedtak KU –</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kontrollutvalet ber om å få tilsendt manifestet Flora kommune har underskrive mot mobbing i skulen.</li> <li>- Kontrollutvalet ber opplyst om kva handlingsplanar Flora kommune har mot mobbing i skulen, og korleis kommunen ligg an med å gjennomføre tiltak i samsvar med handlingsplanane.</li> <li>- Kontrollutvalet ber særskilt om å få informasjon om kor mange klager kring mobbing som er innlevert til Floraskulane og kva tiltak som er sette i verk i høve til desse sakene.</li> <li>- Rådmannen vert kalla inn til neste møte i kontrollutvalet i saka.</li> </ul> <p>05.09 Brev frå sekom til Flora kommune</p> <p>12.10 Purring på svar på brev av 05.09.12</p>
066/12 Orientering Flora ungdomsskule	31.08		<p>31.08 Vedtak KU –</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kontrollutvalsmøte den 25. oktober vil verte halde på Flora ungdomsskule. Dette for at kontrollutvalet ynskjer å gjere seg kjent ute i organisasjonen til Flora kommune.</li> <li>- Kontrollutvalet vil be om ei omvisning under møtet.</li> </ul> <p>05.09 Brev frå sekom til Flora kommune</p>

Oppdatert 18.10.12.

## 075/12 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
Dato: 18.10.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	25.10.2012	075/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

#### Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.